

Hedda Aure Hofset

«Men det er ikke meg denne nasjonen trenger, det er etnisk norsk nordmann dette landet trenger»

Ein analyse av identitet i Gulraiz Sharif sin *HØR HERA!* (2020).

Masteroppgåve i nordisk for lektorstudentar

Rettleiar: Gerd Karin Omdal

November 2023

Hedda Aure Hofset

**«Men det er ikke meg denne nasjonen
trenger, det er etnisk norsk nordmann
dette landet trenger»**

Ein analyse av identitet i Gulraiz Sharif sin *HØR HERA!*
(2020).

Masteroppgåve i nordisk for lektorstudentar
Rettleiar: Gerd Karin Omdal
November 2023

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet
Det humanistiske fakultetet
Institutt for språk og litteratur



NTNU

Kunnskap for ei betre verd

Samandrag

Korleis kjem identitet til syne i ein ungdomsroman? Denne oppgåva utforskar menneskje med ulike utgangspunkt, bakgrunnar og perspektiv, og kva som utgjer deira kjensler av *seg sjølv*.

Det skjønnlitterære utgangspunktet for masteroppgåva er romanen *HØR HER'A!*, skriven av Gulraiz Sharif og utgitt i 2020. Formålet med den litterære analysen er å undersøke *korleis identitetsprosjektet i HØR HER'A! blir formidla gjennom kultur møte, språk og humor*.

Romanen handlar om tenåringen Mahmoud som får i oppgåve å vise onkel Ji som er på besøk frå Pakistan rundt i Oslo, sommaren før han skal byrje på vidaregåande skule. Gjennom denne guida sommaren rundt i sitt eige nabolag, lærer Mahmoud mykje om både seg sjølv, etniske nordmenn og andre menneskje med utanlandsk bakgrunn. Romanen framstiller eit komplisert forhold til identitet, både Mahmoud sin eigen og andre sin.

Eg har retta merksemd mot teoriar om postkolonialisme, kultur møte, multietnolekt og bruken av humor som eit verkemiddel. Blant anna Bente Ailin Svendsen, Homi K. Bhabha og Markus Gaupås Johansen sine teoriar blir diskutert i denne oppgåva. I *HØR HER'A!* har Sharif eit skråblikk på kultur og identitet som er svært interessant å analysere og diskutere, og som er grunnlaget for denne masteroppgåva.

Abstract

How does identity show itself in a Young Adult novel? This master's thesis explores humans with different origins, backgrounds and perspectives, and what makes up their *sense of selves*. The fictional starting point of this thesis is the novel *HØR HER'A!*, written by Gulraiz Sharif and published in 2020. The purpose of the literary analysis is to explore *how the identity project in HØR HER'A! is conveyed through cultural meetings, language and humor*. *HØR HER'A!* is about teenage boy Mahmoud who is tasked with guiding his uncle, who is visiting from Pakistan, around Oslo, the summer before high school. Through this summer guiding in his own neighborhood, Mahmoud learns a lot about himself, ethnic Norwegians, and other people with foreign backgrounds. The novel portrays a complicated relationship with identity, both Mahmoud's own and others'.

I have turned my attention towards theories on postcolonialism, cultural meetings, a multi-ethnic language, and the use of humor as a literary device. Bente Ailin Svendsen, Homi K. Bhabha og Markus Gaupås Johansen all have theories that are being discussed in this thesis. In *HØR HER'A!* Sharif has a new and interesting view on culture and identity, which is highly interesting to analyze and discuss. It is also the foundation of this master's thesis.

Forord

Det å studere ved NTNU desse åra har vore ei berg-og-dal-bane med høge toppar og djupe dalar. Eg er utruleg glad for alt eg har lært, både akademisk og personleg. Eg har fått lære av mange kloke, lidenskapelege menneske ved universitetet, og det er kjekt å sjå folk som brenn for faget sitt. Det har vore frustrerande, spennande, morosamt, slitsamt – og eit minne for livet.

Eg vil takke min rettleiar, Gerd Karin Omdal, som heilt frå fyrste stund har vore interessert, engasjert og hjelpsam. Du såg potensialet i oppgåva mi, noko som gjorde alt dette mogleg. Tusen takk for alle heiarop, støttande mailar og tilbakemeldingar!

Takk til familien min som har lagt til rette, oppmoda og trøyta undervegs i prosessen. Eg hadde ikkje kome meg gjennom denne perioden utan de som stiller på døra med smågodt og heimelaga middag i den siste innspurten. Støtta dykkar har vore alfa og omega for meg.

Sist, men ikkje minst; TAKK til alle vennane mine som har gjort studietida i Trondheim heilt fantastisk. Det var med tungt hjarte eg flytta vekk frå dykk, spesielt frå skravling som skulle vere lesing, kanelbolleonsdag på Dragvoll, eksamensdate på kafé i midtbyen og alle fine minna vi har skapt på vegen. Kva skulle eg gjort utan dykk?

Takk for meg, Trondheim.

Hedda Aure Hofset

Innholdsfortegnelse

1.0 Innleiing og bakgrunn	1
1.1 Aktualisering og problemstilling	2
1.2 Oppgåva sin struktur	3
1.3 Omgrepsavklaring «Identitet»	4
1.3.1 Identitetsprosjektet i <i>HØR HER'A!</i>	6
1.4 Omgrepsavklaring «ungdomslitteratur»	7
2.0 Å uttrykke identitet gjennom kulturmøte	10
2.1 Teori.....	10
2.1.1 <i>Kulturmøte og klassereise</i>	10
2.1.2 Postkolonialisme	11
2.1.3 Kven er ein del av den «norske identiteten»?	12
2.1.4 Rasisme	14
2.2 Analyse og drøfting av <i>HØR HER'A!</i>	15
2.2.1 Kulturmøte i <i>HØR HER'A!</i>	15
2.2.2 Klassereise.....	18
2.3 Oppsummering	21
3.0 Å uttrykke identitet gjennom språk	23
3.1 Teori.....	23
3.1.1 Kva skal ein kalle språket?	23
3.1.2 Haldningar til multietnolekt	24
3.1.3 Kva betyr det å bruke multietnolekt?	26
3.2 Analyse og drøfting av <i>HØR HER'A!</i>	26
3.2.1 Kva seier multietnolekt om kven Mahmoud er?	26
3.2.2 Multietnolekt, namn og arbeidsmoglegheiter	28
3.2.3 Verbal, rytme og ukonvensjonell setningsoppbygging.....	31
3.3 Oppsummering	32
4.0 Å uttrykke identitet gjennom humor	34
4.1 Teori.....	34
4.1.1 Kva er humor?.....	34
4.1.2 Humor – avhengig av kultur, relasjon og alder	36
4.2 Analyse og drøfting av <i>HØR HER'A!</i>	37
4.2.1 Kvifor kan Sharif ha valt å bruke humor?	37
4.2.2 Resultatet av humor i <i>HØR HER'A!</i>	40
4.3 Oppsummering	41
5.0 Avslutning.....	43

Relevans for lektoryrket	45
Litteraturliste	46

1.0 Innleiing og bakgrunn

Sommerferie, as. Veldig deilig for norske nordmenn, med jeg lover deg ikke noe deilig for oss utlendinger uten penger! Hva skal vi gjøre da? De har sånn sjøhytte, fjellhytte, havhytte, fastlandshytte, kysthytte, sånn der læreren lærte oss, ja, sånn derre skjærgårdshytte, mann! (Sharif, 2020, s. 7).

Slik byrjar Gulraiz Sharif sin debutroman *HØR HER 'A!* frå 2020 – ein roman som har blitt teke imot med lovord og ros. Året den kom ut var romanen nominert til Bokhandlerprisen (Bokhandlerforeningen, 2021), Bokbloggerprisen («Årets kortliste», u.å.), Brageprisen for barne- og ungdomslitteratur (Brageprisen, u.å.), og Uprisen året etter (Uprisen, u.å.). I tillegg vann *HØR HER 'A!* Debutantprisen for barne- og ungdomslitteratur som delast ut av Kulturdepartementet (Kolberg & Eek, 2021). Hausten 2023 kom det også ut ein filmatisert versjon av romanen, med regi av Kaveh Teherani og manus skriven av Erlend Loe og Nora Landsrød (*Hør her 'a!*, u.å.a). Både *Cinema*, *VG*, *730.no* og *Filmfront* ga filmen terningkast fem (*Hør her 'a!*, u.å.a), medan NRK P3 ga den ein firar (Vestmo, 2023). I 2021 intervjuar Kronprinsesse Mette-Marit intervjuar Sharif om romandebuten, og uttalte at ho hadde både flira og grine medan ho las (Kongehuset, 2021). Ho trakk fram at dette er ein roman som norsk ungdom *treng* og burde lese (Kongehuset, 2021). Men kva er det med *HØR HER 'A!* som gjer at den skil seg ut i mengda og fenger lesaren?

Eg las romanen fyrste gong etter elevane eg hadde i praksis ved ein vidaregåande skule hadde hatt eit prosjekt om den før eg byrja – og *elska* den. Planen var aldri å skrive ei masteroppgåve om den, men heller å finne ut kva som hadde klart å fengje elevane på denne måten. I mi fyrste lesing vart eg sittande å undre over korleis forfattaren hadde klart å både halde meg svært underhaldt og samtidig kome med kjappe, tidsaktuelle kommentarar og observasjonar om etniske nordmenn, innvandraran og korleis vi alle går saman i Noreg. Hans skråblikk på kva som utgjer ein «norsk nordmann» og kva som utgjer ein «utlending» er både relevante, viktige og samtidig hysterisk morosame. Eg tok meg sjølv i humre og flire gjennom heile romanen av både språket, tankane til hovudkarakteren og alle påfunna ein kan lese om. Det overskygga likevel ikkje dei viktige tema som Sharif skriv om, som til dømes rasisme, diskriminering og kjønnsinkongruens. Eg vil argumentere for at humoren framhevar alle dei viktige tema som forfattaren vil formidle, i staden for å ta overhand. Romanen er ikkje relevant og viktig *på tross* av humor, ungdommeleg språk og multietnolekt, men *fordi* forfattaren har funne ein måte å utnytte akkurat dette på.

HØR HER' A! (Sharif, 2021) blir fortalt frå perspektivet til 15 år gamle Mahmoud, og tek for seg sommaren før han skal byrje på vidaregåande skule. Han bur på austkanten i Oslo saman med veslebroren, mora, som vaskar på universitetet i Oslo, og ein far som arbeider som taxisjåfør. Mahmoud er fødd i Noreg av innvandrarforeldre, og omtalar seg sjølv difor ikkje som ein «norsk nordmann». Den aktuelle sommaren romanen finn stad har familien fått besøk av onkel Ji frå Pakistan, og Mahmoud har fått ansvar for å vise han rundt i Oslo. Gjennom lesinga av onkel Ji sine opplevingar, familien sine skikkar og tradisjonar, og Mahmoud sine tankar og hans posisjon mellom den norske og den pakistanske identiteten, prøver Sharif å formidle delar av opplevinga som innvandrar eller born av innvandrar i Noreg. Familien har ikkje pengar nok til å vise den besøkande store delar av landet, men gjennom sommaren som turist i eigen heimby lærer Mahmoud mykje om både seg sjølv og Noreg. Etter kvart i romanen kjem det fram at veslebror Ali ynskjer å byte kjønn, noko som ikkje fell i god jord hos alle. Religiøse og kulturelle tankar og reaksjonar må arbeidast med for å møte barnet på best mogleg måte.

Kjønnsinkongruens er ikkje eit tema denne oppgåva vil vektlegge, då det hamnar utanfor den aktuelle problemstillinga.

1.1 Aktualisering og problemstilling

I årsskiftet 2021/2022 kunne Statistisk Sentralbyrå melde at innvandrarar og borna deira utgjer over ein million menneskje i Noreg (Steinkellner, 2022). I Oslo kommune, der romanen *HØR HER' A!* er satt, utgjer busette innvandrarar over 25% av folkesetnaden (Steinkellner, 2022). Samtidig viser rapportar til dømes at ein stor del muslimar ikkje kjenner at dei passar inn i det norske samfunnet (Støyva, 2023). Å kjenne at ein «høyrer til» i Noreg og det norske samfunnet er eit dagsaktuelt tema som stadig blir diskutert, skrive om og teke opp i litteratur, media og blant innbyggjarane generelt. Til dømes hadde «Debatten» på NRK den 8.februar 2022 overskrifta «Nekter å vere norsk» (Solvang, 2022). Her diskuterte advokat og stortingspolitikar Abid Raja, journalist og debattredaktør Fawad Ashraf, stortingsrepresentant og tidlegare varaordførar for Oslo kommune Kamzy Gunaratnam, journalist og forfattar Shazia Majid, og journalist Xueqi Pang om fleirkulturelle i Noreg burde kalle seg norske eller om dei ikkje tilhøyrar den norske fellesidentiteten (Solvang, 2022).

På den eine sida argumenterer Ashraf for at ein aldri kjem til å vere «norsk nok» for etniske nordmenn, så difor har han vald å prøve å vere ein fullverdig samfunnsborgar utan å definere seg som norsk (Solvang, 2022). På den andre sida seier til dømes Raja at Ashraf sin tankegang er både farleg og provoserande, at den øydelegg innsatsen til alle innvandrarane som jobbar

for å vere ein del av det norske samfunnet (Solvang, 2022). Raja meiner at alle som deltok i debatten har integrering, den norske velferdsstaten og alle moglegheitene som følgjer med, å takke for at dei har dei posisjonane og jobbane som dei har. Det kan dukke opp spørsmål hos sjåaren om ein skal vere «takknemleg» for dei moglegheitene ein får, og difor ikkje motsetje seg majoritetssamfunnet, som ein del av minoriteten? Eller har moglegvis Abid Raja eit poeng når han seier at ein burde arbeide for å ta del i majoriteten for alle sitt beste, i staden for å vike frå det? Spørsmål som dette løysast ikkje gjennom éin enkelt TV-sendt debatt, men det er ein del av eit større bilete som seier oss noko om korleis fleire innvandrarakar gjerne *vil* bli oppfatta av etniske nordmenn.

Kulturdepartementet føretek ei årleg premiering av årets beste barne- og ungdomsbøker. I utdelinga i 2011 (Moe, 2012), 2012 (Birkeland, 2013) og 2013 (Birkeland, 2014) uttalte leiaren for juryen eksplisitt at dei sakna meir fleirkulturell litteratur som spegla samfunnet vi lev i. Knappe ti år seinare, i 2020, gav Gulraiz Sharif ut *HØR HER'A!* som gjer nettopp dette. Romanen fekk «Debutantprisen» i 2020 av Kulturdepartementet, som skriv at den «gir stemme til de mange som er vokst opp med to eller flere kulturer» (Kolberg & Eek, 2021). Juryeiar Asbjørn Kolberg trekk fram spørsmål om identitet, livsmeistring og det å tørre å vere seg sjølv som tematikk i den aktuelle litteraturen for året (2021), noko som er høgst relevant for *HØR HER'A!*. I denne oppgåva skal eg drøfte problemstillinga *korleis blir identitetsprosjektet i HØR HER'A! formidla gjennom kulturmøte, språk og humor?* Den norske, den pakistanske og hovudkarakteren Mahmoud sin eigen identitet blir stadig kommentert, endra og gjenskapt i dei ulike situasjonane gjennom romanen. Via dei tre inngangane skal vi sjå på korleis dette skjer og kva det betyr. I tillegg kan også romanen verke som ein overordna samfunnskommentar på innvandring og innvandrarakar sin status i Noreg generelt.

1.2 Oppgåva sin struktur

Oppgåva er delt inn i tre hovuddelar der dei ulike inngangane i problemstillinga blir diskutert. Alle delane vil ha same struktur, med teori fyrst og deretter analyse av romanen og diskusjon saman. Aller fyst kjem eit kapittel med omgrepsavklaring som er relevant for problemstillinga. Den fyrste inngangen deretter er *kulturmøte*. Her blir blant anna Marianne Gullestad, Homi K. Bhabha og Elisabeth Oxfeldt diskutert i forbindelse med tema i *HØR HER'A!*. Så tek eg for meg språket i romanen, og kva det kan seie oss om karakterane og deira identitet. Dette gjerast gjennom til dømes Bente Ailin Svendsen, Finn Aarsæther og Britt Mæhlum si forskning. Til slutt ser oppgåva på korleis Sharif har brukt humor for å formidle

viktige og seriøse tema i romanen, basert på blant anna Lidia Sciama, Kerry Mallan og Markus Gaupås Johansen sine teoriar og forskning. Kvart kapittel har sin eigen oppsummeringsdel, i tillegg til at det heile avsluttast felles.

1.3 Omgrepsavklaring «Identitet»

For å kunne diskutere identitetsprosjektet i Sharif sin *HØR HER'!*, må ein fyrst avklare kva som meinast med dette komplekse omgrepet. Sosiologane Olve Krangle og Tormod Øia skildrar *identitet* på ulike måtar: *at to eller fleire ting er eitt og det same*, og *i samanheng med ei eg-kjensle* (2013, s. 53). Enkeltpersonar sin identitet blir ein kombinasjon av dei to; den går ut på ei kjensle av at eg er ein og den same, eg har ei kjerne og denne kjernen utgjør meg (Krangle & Øia, 2013, s. 53). Krangle skriv

Identity is a concept that holds together two quite distinctive dimensions. On one level it means identification with something collective, cultural or social. On the other it denotes a sense of *self* and a sense of *continuity* within that self. (Krangle & Øia, 2013, s. 53–54).

På den eine sida skal identiteten din vere unik og skilje seg frå alle andre over tid for at den er akkurat *din*. På den andre sida skal identiteten din vere ein del av eit større sosialt og kulturelt univers, der ein skal finne sin plass, forstå og lære av andre, og plukke opp sosiale kodar (Krangle & Øia, 2013, s. 54).

Identitet er flytande, den skiftar og endrar seg basert på kven ein samhandlar med, situasjon ein finn seg i og staden ein er i livet. Om *identitet* skriv Svein Slettan at «Identiteten – biletet av kven ein er eller vil vere – er noko som er underlagt justering og reforhandling» (2018, s. 22). Også Marianne Gullestad trekk fram at den einskilde sin identitet stadig er i endring og utvikling: «(...) identiteter og selvfølelse ikke er noe en 'har' en gang for alle, men noe som presenteres, diskuteres, forhandles, bekreftes - og avvises - i samvær med andre» (2002a, s. 64). Krangle og Øia skriv at utvikling av identitet er ein individuell prosess, og på same tid ein relasjonell prosess som oppstår med andre (2013, s. 87). Det vil seie at vi alle er del av eit større kollektiv, ein kultur, som individet får verdiar, normer og koder frå; «Gjennom sosial interaksjon aktivt velger eller passivt formes den enkelte til en kulturelt sett genuin person» (Krangle & Øia, 2013, s. 87). Likevel framhevar Krangle og Øia at ein må skilje mellom den konkrete identiteten og den konkrete kulturen, framvist gjennom eit sitat frå Erik Erikson: «Det kan finnes tydelige etniske grenser uten stor kulturell variasjon, og det kan finnes kulturelle forskjeller uten etniske grenser» (2013, s. 88). Ein ikkje treng å dele alle identitetstrekk med ein annan person berre fordi ein delar same etniske bakgrunn.

Frå 1950-talet kom ei oppblussing i forskning på ungdom og ungdomstida, hovudsakeleg fokusert på mønster og variasjonar innanfor pubertal status (grad av fysisk modning) og timing (status i forhold til jamaldra), personleg tilpassing, og forhold med jamaldra og foreldre (Lerner & Steinberg, 2004, s. 4). Dette gjeld både innanfor og på tvers av kulturar (Lerner & Steinberg, 2004, s. 4). Typiske utviklingstrinn for ungdomsåra er å vidareutvikle meir modne forhold til jamaldra, etablere romantiske relasjonar, førebu seg på eventuelle familieliv, oppnå emosjonell uavhengigheit frå foreldre og andre vaksne, og førebu seg på ei utdanning og karriere (Lerner & Steinberg, 2004, s. 89).

Erik Homburger Erikson (1902-1994) er ein anerkjend barneanalytikar og psykolog, som fokuserte på personlegdomsutvikling under ulike kulturforhold («Erik Erikson», 2020). Saman med kona Joan Erikson skapte han ein teori om mennesket sine åtte psykososiale livsfasar eller aldrar, som spenn over heile livet frå ein er spedbarn til ein blir gamal (Hulsizer et al., 1981). Ifølgje Erikson har kvar av dei åtte aldrane kritiske tidspunkt for å kunne utvikle seg, samtidig som ein opplev «kritiske konfliktrar» i desse periodane (Hulsizer et al., 1981, s. 252). Det vil seie at alle aldrane både inneber stort potensiale og moglegheiter for utvikling, men samtidig potensiale for kriser og konflikt. For denne oppgåva og problemstillinga er alderstrinn nummer fem, «Identity and Role Confusion» (Erikson, 1993, s. 261), som oppstår i ungdomstida, høgst relevant. Identitetsdanninga gjennomgår ei krise basert på at foreldra ikkje lenger er nok når ungdomen skal utforske og finne sin plass i nye sosiale område (Krange & Øia, 2013, s. 55). Ungdomen går igjennom ei psykologisk utvikling, får nye, meir vaksne ansvarsområde og oppgåver, og blir samtidig meir oppteken av korleis dei blir oppfatta av jamaldra i forhold til korleis dei ser på seg sjølv (Erikson, 1993, s. 261). Dei prøver kontinuerleg å få dei ulike rollene til å stemme overeins med kvarandre og kjenne på kontinuitet. Ulike forventningar, oppgåver eller krav som ikkje stemmer overeins med alderstrinnet eller utviklingsnivået til ungdomen kan skape rolleforvirring.

Eit anna forstyrrende element er, ifølgje Erikson, ungdom sin manglande evne til å lande på éin identitet (1993, s. 262). For å kome seg gjennom tenåra kan ein sjå ein tendens til å overkompensere, noko som ofte resulterer i ein total mangel på forståing av seg sjølv og eigen identitet (Erikson, 1993, s. 262). Han trekk fram at ungdom ofte kan vere vonde eller skarpe mot dei som er «annleis» i hudfarge, etnisitet eller kulturell bakgrunn, ofte synleg gjennom til dømes utestenging eller avvising (Erikson, 1993, s. 262). UNICEF sin rapport frå 2022 om born og unge sine haldningar til rasisme viser at 57% av dei 1815 som tok del i undersøkinga opplevde rasisme i skulen, og 31% svarte at dei sjølv hadde vore rasistiske mot nokon andre

(UNICEF, 2022, s. 19). Erikson meinte at ungdom si utagering eller utføring av vonde handlingar mot andre kan forklarast som ei forsvarsmekanisme mot identitetsforvirringa som dei kjenner på, men han understreka samtidig at det ikkje var grunn nok til å godta, akseptere eller delta i handlingane sjølv (1993, s. 262).

James E. Marcia er ein utviklingspsykolog som blant anna har fokusert på å bygge vidare på Erikson sitt teoretiske grunnlag for korleis identiteten utartar seg i ungdomstida. Han definerer *identitet* som «an existential position, to an inner organization of needs, abilities, and self-perceptions as well as to a sociopolitical stance.» (Marcia, 1980, s. 159). Det vil seie at den omhandlar både vår eksterne posisjon i verda og blant menneskja rundt oss, kva vi har behov for, våre ferdigheiter og styrker, vår sjølvoppfatning og vår sosiopolitiske haldning. Dette viser kompleksiteten i omgrepet. Vidare foreslår Marcia ein annan måte å skildre *identitet* på; som ein intern, sjølvkonstruert, dynamisk organisasjon av driv, ferdigheiter, tru, og den einskilde si historie (1980, s. 159). Likt som Gullestad meiner Marcia at identitet ikkje er noko ein kan inneha, men heller at det er ei fleksibel eining som er i rørsle gjennom livet (Marcia, 1980, s. 159). «Identiteten er, som livet sely, satt sammen av en rekke ulike typer erfaringer, utfordringer, seirer og nederlag» skriv Krange og Øia (2013, s. 58). Den er ikkje satt ein gong for alle, den er ein prosess som rører på seg gjennom heile livet.

1.3.1 Identitetsprosjektet i *HØR HER 'A!*

Eg vil argumentere for at identitet og alle formene ein kan finne den i, er ein gjennomgåande tematikk i *HØR HER 'A!*. Dette er fordi Sharif bruker romanen som eit verktøy for å kommentere både den norske, pakistanske og hovudkarakteren Mahmoud sin eigen identitet, som finn seg ein stad midt i mellom. I tillegg får lesaren eit interessant innblikk i korleis karakterane med innvandrarbakgrunn ser på andre med same type bakgrunn, som til dømes onkel Ji frå Pakistan som er på besøk i Oslo og ser afrikanarar for fyrste gong (Sharif, 2021, s. 51). Han er svært sjokka over synet: «Mahmoud, sønn, svar meg, er de virkelig såå svarte? Det er jo ... det er jo helt utrolig. Jeg får lyst til å ta på dem, se på håret deres!» (Sharif, 2021, s. 51). Mahmoud kjenner på redsel for at det skal oppstå konflikt, men synast at det er morosamt at onkelen er så fascinert av ulike typar menneskje. «Han ser tamilere, han ser iranere, han ser folk frå hele verden som bor i de same blokkene. Jeg forteller han det funker fint, de fleste kommer godt overens, men i Norge man må jobbe, hvis du ikke jobber, så blir du ikke respektert og akseptert.» (Sharif, 2021, s. 51–52). Ifølgje Mahmoud er det viktigaste for Noreg og nordmenn er å bidra til samfunnet, berre då kan ein vere eit fullverdig medlem.

Slike tankar om og vurderingar av menneskje er hyppige gjennom heile romanen, og difor også verdt å utforske i denne oppgåva.

Sharif sett opp store motsetningar mellom dei ulike identitetane i romanen. Dei blir gjerne presentert i kontrast til noko anna, som ein måte å satirisere dei ulike kulturane og identitetane. Til dømes er kontrasten stor mellom Noreg, der norske born blir oppfordra til å gå på tur i naturen og «finne seg sjæl» (Sharif, 2021, s. 8), medan Pakistan, der pakistanske foreldre «tar sandal og smacker deg så hardt at du ikke finner utgangsdøra engang, hvordan i helvete skal du finne deg sjæl?» (Sharif, 2021, s. 8). Dette er eitt døme på eit gjennomgåande tema i romanen; to, tilsynelatande motsetjande, partar blir sette opp mot kvarandre for å forsterke forfatterns sitt poeng. Ofte skjer det også i samanheng med Mahmoud versus andre karakterar. Identitet blir ikkje skildra som noko sjølvstendig, men heller noko som utelukkande skapast i kontrast til andre. Ein konsekvens av dette er at Mahmoud til tider verkar inneslutta og isolert, då han ikkje kjenner han har ein plass i verken familien eller samfunnet. I Pakistan er han på ferie, han høyrer ikkje heime og har det vanskeleg medan han er der (Sharif, 2021, s. 8). Samtidig er det tydeleg gjennom heile romanen at han ikkje kjenner seg fullstendig norsk heller. Sharif trekk fram dette utdraget frå side 30 på bokomslaget som framhevar skiljet mellom hovudkarakteren Mahmoud og etniske nordmenn:

Hør her'a! Grunnen til at jeg skriver denne boka er fordi norske nordmenn digger sånt. De elsker at en utlending muligens litt undertrykket og uslepen diamant sitter og skriver en bok eller to. Om hvordan det 'egentlig' er å være svarting, om alle arrener, om all smerten, alle vanskelighetene. Du vet, fordi de tør ikke å snakke så mye med oss. (Sharif, 2021, s. 30).

1.4 Omgrepsavklaring «ungdomslitteratur»

Cappelen Damm kategoriserer *HØR HER'A!* som ein ungdomsroman (*Hør her'a!*, u.å.b), og det same blir trekt fram i resepsjonen. Jannicke Totland i Framtida.no skriv at «Målgruppa er ungdom, men den fungerer vel så bra for unge vaksne og andre vaksne som har vokabularet til å hengje med.» (Totland, 2020). I si bokmelding for NRK skriv Anne Cathrine Straume at

'Hør her'a!' er frisk, komisk og appellerer til et ungt publikum gjennom prompehumor, uhøytidelige slengbemerkingar og spissede personkarakteristikkar. Forfatteren er dessuten smart nok til å utfordre forutinntatte holdningar. Dette er ungdomslitteratur som virker – også etter at siste side er lest. (Straume, 2020).

Gjennom desse døma tydeleggjerast det at målgruppa for romanen er tiltenkt å vere ungdom, sjølv om at vaksne også kan like den. I eit intervju sa Sharif sjølv at «Det er ein oppvekstroman, – ein ungdomsroman. Intensjonen er at den skal lesast av alle eigentleg, det var det eg hadde som mål når eg skreiv den.» (Boktips & Cappelen Damm, 2020). I kapittel 1.3 såg vi på nokre av dei typiske kjenneteikna for ungdomstida, og forskinga som blir gjort

på den. For å undersøke kvifor Sharif har vald å skrive *HØR HER 'A!* tilpassa ungdom, er det relevant å fyrst vite kva som kjenneteiknar ungdomslitteraturen. I *Ungdomslitteratur – ei innføring* (2018) tematiserer Svein Slettan nettopp dette. Som vi har diskutert tidlegare i oppgåva er tenåra er periode prega av ungdomen si manglande evne til å slå seg til ro med éin enkelt identitet og inneber ofte stor grad av utforsking (Erikson, 1993, s. 262). Dette vil seie at ungdomen kan skilje seg frå kvarandre i stor grad, noko som Slettan trekk fram i sin definisjon av ungdomslitteratur: «Tenåringstida er lang, tenåringar er ulike, og sikre retningslinjer for kva som interesserer eller høver for ei bestemt årsgruppe, er umogleg å risse opp» (2018, s. 10). Han meiner difor at ein mogleg måte å omtale ungdomslitteratur på er gjennom eit vid tilnærming til omgrepet som omfamnar «litteratur som *handlar* om ungdom, *passar* for ungdom eller *blir lesen* av ungdom» (Slettan, 2018, s. 10). *HØR HER 'A!* kan seiast å oppfylle alle desse tre punkta; den handlar om 15 år gamle Mahmoud, den er skriven i ungdommeleg språkleg stil med humor tilpassa ei yngre målgruppe, og som nemnt i innleiinga, var eg personleg vitne til at ungdom i vidaregåande skule leste og likte romanen.

Slettan skriv at forfattarar av ungdomslitteratur brukar eiga ungdomserfaring og kunnskap om den perioden i livet til å skrive tekst som unge lesarar kjennar seg igjen i og opplev at dei kan identifisere seg med (Slettan, 2018, s. 12). Houvdkarakteren i *HØR HER 'A!*, Mahmoud, delar fleire likskapstrekk med forfattaren Gulraiz Sharif; begge er fødte i Oslo av foreldre med pakistansk bakgrunn og kjenner på utfordringane som følgjer, med motgang, kvardagsrasisme og avvising (Ruud, 2020; Sharif, 2021). Begge kjenner på presset frå foreldra om å bli legar, advokatar eller ingeniørar, men Mahmoud ynskjer å utdanne seg til å bli lærar på tross av det, akkurat som hans skapar, Sharif, er utdanna (Ruud, 2020; Sharif, 2021). Dette kjem vi tilbake til seinare i oppgåva.

Det er viktig at ungdom opplev teksten som «nær og relevant, som *framstilling* eller *representasjon* av ungdomserfaring» (Slettan, 2018, s. 12) for at den skal ha optimal effekt og vere så god som mogleg. Det vil seie at ungdom har større sjanse for å like ein roman om dei kjennar seg igjen i innhaldet i den. Slettan skriv at identitetsproblematikken har vore eit sentralt tema i ungdomslitteraturen dei siste tiåra, oftast orientert mot det indre, mot kjenslelivet (2018, s. 22–23). I fleirkulturell litteratur er foreldregenerasjonen ofte satt opp som anten med- eller motspelarar, dei unge viser motstand eller gjer opprør mot dei som kom før dei, og identiteten og kulturen som følgjer med (Slettan, 2018, s. 23). Her skil ungdomslitteraturen seg frå vaksenlitteraturen; den fyrstnemnde er ofte prega av krise, uro og

forandring, men gjerne samtidig ei kjensle av håp og forventning (Slettan, 2018, s. 24). Dette speglar dei store kjenslene av uro og usikkerheit mange unge kjenner på i ungdomstida.

2.0 Å uttrykke identitet gjennom kulturmøte

Det fyrste steget i å undersøke framstillinga av identitet i *HØR HER 'A!* er å sjå på kulturmøta i romanen. I dette kapittelet skal vi gjere nettopp dette, gjennom både ein gjennomgang av teori, og ein analyse og diskusjon av romanen sett i ljøs av den aktuelle teorien. Blant anna Marianne Gullestad, Tonje Vold, Frode Helland, Homi K. Bhabha og Edward Said sine teoriar, som omhandlar til dømes rasisme, det å «passe inn» i det norske samfunnet, postkolonialisme og det å utføre ei klassereise, blir diskuterte i dette kapitelet.

2.1 Teori

2.1.1 *Kulturmøte og klassereise*

Kapittelet «Om å være ‘trygg på sitt eget’» frå *Det norske sett med nye øyne. Kritisk analyse av norsk innvandringsdebatt* (2002a) er skriven av Marianne Gullestad og tek for seg korleis ein tek imot, ser på, omtalar og behandlar innvandrara i Noreg og verda elles. Her skriv ho at «Det finnes en rekke ‘kulturmøter’ i hverdagslivet, definert som møter mellom mennesker med noe ulike erfaringer og tolkningsrammer» (Gullestad, 2002a, s. 73). Denne definisjonen kan seiast å vere relativt open, då *ulike erfaringar og tolkningsrammer* kan innebere svært mykje og variere frå person til person. Gullestad presiserer at dei ulike erfaringane og forskjellane ikkje treng å omhandle landegrensar for å involvere eit kulturmøte, men det kan vere tilstrekkeleg å sjå på til dømes ulikskap mellom by og land, eller mellom ulike samfunnsklassar (2002a, s. 73). Når ho skriv om kulturmøte i forbinding med ei slik reise mellom samfunnsklassar, altså ei *klassereise*, definerer ho det slik: «(...) et menneske vokser opp i en type miljø, og så, gjennom utdanning eller på annen måte, beveger seg til og lever sitt liv i andre miljøer, samtidig som kontakten ofte beholdes med deler av opprinnelsesmiljøet, særlig nære slekninger» (Gullestad, 2002a, s. 73). Mobiliteten i dei nordiske landa er relativt stor, samanlikna med andre europeiske land (Gullestad, 2002a, s. 73), Noreg er faktisk på toppen i sosial mobilitet (Støren, 2016). Det vil seie at vi har gode sosiale og samfunnsmessige strukturar som ligg til grunne for at vi skal kunne «klatre i klassene», i staden for å vere låst i den ein var fødd i. Dette er til dømes fordi vi, dei siste 70 åra, har sett ei generell auking av utdanning, samt at fordelinga av den er likare blant norske innbyggjarar (Støren, 2016). Geografi og utgangspunkt har no mindre å seie for om du tek, og fullfører, ei utdanning, noko som gir meir moglegheiter i samfunnet.

I 2018-2019 utforma Finansdepartementet ei melding til Stortinget kalla «Muligheter for alle. Fordeling og sosial bærekraft» der dei blant anna undersøkte innvandring, ulikskap og

utvikling i Noreg. Der står det at «Regjeringens innsats for å motvirke ulikhet og videreføre et samfunn med høy velferd retter seg særlig mot utdanning, integrering og arbeid.» (Meld. St. 13 (2018-2019), s.136). Disse tre punkta har altså blitt løfta som viktige element for å skape eit samfunn der alle har ein plass i fellesskapet. Høg sysselsetting, god integrering, skape moglegheiter for god utdanning og generelt motvirke utanforskap er viktige punkt i det norske samfunnet (Meld. St. 13 (2018-2019), s.136). «Høy levestandard og små forskjeller er med på å gjøre Norge til et godt land å bo i.» (Meld. St. 13 (2018-2019), s.6).

I «Om å være ‘trygg på sitt eget’» trekk Gullestad fram at det er mange unge menneskje som er fyrste person til å fullføre ei høgare utdanning i sin familie, og som difor kan kjenne på ein avstand til både staden ein vaks opp og til miljøet rundt seg (Gullestad, 2002a, s. 74). Ho skriv at «Den som har foretatt en klassereise, har jo nettopp følt på kroppen hvordan det er å måtte bevege seg mellom miljøer med forskjellige kulturelle koder og samværsformer» (Gullestad, 2002a, s. 74). Normer og reglar er ulike i alle sosiale klasser er ein del av, så det kan vere krevjande å tilpasse seg og lære seg dei som tilhøyrar den aktuelle klassa. Ei klassereise er ikkje ei direkte, fysisk reise frå a til å, det er eit komplekst konsept der ein endrar og formar identitet, lærer og «reiser» metaforisk gjennom andre sine levesett, rutinar og tradisjonar. På denne reisa kan det oppstå «nye selvbilder, nye kulturmønstre og nye handlingsmønstre» (Gullestad, 2002a, s. 75) som kan endre menneskje, deira tankar og verdier.

2.1.2 Postkolonialisme

Postkolonialistisk analyse vil gjerne undersøke korleis menneskje av ikkje-vestleg bakgrunn sine haldningar viser seg i vestleg litteratur, i tillegg til korleis litteraturen, hovudsakleg skriven av forfattarar frå det som tidlegare var kolonistatar, kan bekrefte eller avkrefte vestlege førestillingar om ikkje-vestlege menneskje og samfunn (Claudi, 2013, s. 190). Nasjonal og kulturell identitet som oppstod etter at kolonistatane vart oppløyste er eit sentralt tema, spesielt etter andre verdskrig (Oxfeldt, 2010, s. 196). Førsteamanuensis Tonje Vold skriv at «Til grunn for postkolonial litteraturteori ligger en interesse for å utforske hvordan verdenshistoriske fenomener preger litteraturens representasjonsformer, hvordan litteratur speiler maktfaktorer som klasse, kjønn, rase eller etnisitet, og hvordan litterære tekster formidler eller yter motstand mot det bestående» (2019, s. 26). Ifølge Vold er *postkolonialisme* eit vidt omgrep som inneheld ei rekke ulike tydingar, men felles for alle definisjonar er «oppmerksomhet om relasjoner mellom kultur, historie og makt» (2019, s. 26). Homi K. Bhabha er ein svært kjend teoretikar og forskar innanfor postkolonialisme. Han var i mindre grad oppteken av dei klare skilja, dei definerte gruppene og identitetane som oppstod i

dei, men fokuserte heller på «hybriditet og det som ligger 'in-between'» (Oxfeldt, 2010, s. 197). I sitt essay «DissemiNation» trekk Bhabha fram at det er i desse «mellomroma» og «grenseområda» ein kan finne konseptet av mennesket (1994, s. 145). Til dømes skal menneske vere historiske «objekt» som skal representere fortida, og samtidig vere sjølvstendige «subjekt» i ein framtids-prosess som skal vise framgang og moglegvis dekke over det som har skjedd før (Bhabha, 1994, s. 145). Bhabha meinte at kolonist og kolonisert påverka kvarandre gjensidig; kolonimakta og samfunnet blir påverka av dei koloniserte og deira kultur, religion, skikkar, reglar og liknande, medan dei koloniserte blir påverka av dei nye forholda dei lev i (Claudi, 2013, s. 198). Det heile resulterer i det Bhabha kallar ein «ambivalens»; ein usikkerheit og uklarheit rundt identitet og tilhøyrse blant både kolonimakt og dei koloniserte (Claudi, 2013, s. 198).

I boka *Å lese verden* tematiserer Vold litteraturen si rolle i ei verd der ein skriv og les på tvers av nasjonar og landegrenser: «Forfattere påvirkes av hverandre, litterær metaforikk beveger seg, språk endrer tilholdssted, sjangre fanges opp, ideer og fortellinger spres» (2019, s. 20). Ho trekk fram ideen om *kontaktsoner*, spesielt i samheng med kolonisering, der kulturar som har vore åtskilt historisk og geografisk grunna slaveri, imperialisme og kolonisering, er tvungen til å berøre kvarandre (Vold, 2019, s. 20). Denne kontakta inneber alltid *transkulturasjon*, eit omgrep som beskriv «hvordan folk benytter seg av materialer, språk og fenomenar som nye kulturar bringer inn» (Vold, 2019, s. 20). Dette inneber ein gjensidig påverknad frå og av dei ulike kulturane som møtast i kontaktsonene. Vold trekk fram tre konsekvensar ved kontaktsonene som ho ser på som særst interessante; 1) det oppstår litteratur i kontaktsonene som kan fortelje oss noko om den geografiske, sosiale og politiske konteksten den var skriven i, 2) litterære verk kan sjåast på som former av kontaktsoner i seg sjølv og 3) verdslitteraturen kan utgjere ei *global* kontaktsone, der litteratur frå ulike land møtast og vise sine likskapar og ulikskapar (2019, s. 21).

2.1.3 Kven er ein del av den «norske identiteten»?

Gullestad stiller spørsmålsteikn ved kven «vi» er, i forbindelse med «dei framande», og utfordrar samtidig tanken om eit «oss» versus «dei» (2002a, s. 62). Gullestad skriv at for nordmenn er familiebakgrunn og arv viktigare enn sjølv statsborgarskapet (2002a, s. 63). Det vil seie at ein kan ha vakse opp i Noreg, sjølv identifisere seg som «norsk» og ha norsk statsborgarskap, men alt dette vil vege lettare enn personen sin familiebakgrunn for etnisk norske nordmenn. Gullestad skriv at «'Vår' trygghet hviler på en begrepsmessig grense som devaluerer statsborgerskapet i forhold til avstamning» (2002a, s. 64). Dette er ein del av det

ho kallar for «etnosentrisk diskriminering» (Gullestad, 2002a, s. 64). «Vi» skapar tryggleik for oss sjølve ved å gjere usikre, bryte ned og trakassere dei som er annleis enn oss. Det å konstant bli fortald at du er «mindre enn» kan over tid gå utover ein persons sjølvkjensle og menneskeverd (Gullestad, 2002a, s. 64).

Gullestad skriv at vi treng ei revidert forståing av «hvem som tilhører nasjonen» (2002a, s. 61), og i same anedrag tek ho opp spørsmålet om den norske nasjonale identiteten er i ferd med å forsvinne (Gullestad, 2002a, s. 61). Ho skriv at mange ser på *globalisering* som ein trussel mot norsk identitet, blant anna Iver Neumann som meiner at den norske politikken og styringa er svekka (Gullestad, 2002a, s. 61). Gullestad meiner likevel at vi må akseptere at globaliseringa er komen for å bli, det er meir nyttig å diskutere ulike *typar*, som til dømes økonomisk, kulturell eller politisk (Gullestad, 2002a, s. 61). Ho skriv

Neumann, og mange med ham, har likevel rett i at identitetspolitikk er blitt viktigere. En del av den politiske kampen både i Norge og i andre land står nettopp om hvem som tilhører det nasjonale sivile samfunn, og om kven som har makt til å definere hva dette skal være. (Gullestad, 2002a, s. 61).

Her blir viktigheita av det å redefinere kva som er «norsk» og kva som utgjer den norske fellesidentiteten. Den aukande grada av globalisering og innvandring dei siste 50 åra har gjort fleire oppteken av å definere kven dei «norske» er, i motsetnad til «dei framande» (Gullestad, 2002a, s. 62). I «Om å være 'trygg på sitt eget'» reflekterer Gullestad rundt det å skape ein felles identitet, - er det mogleg utan at nokon må ofre, vere utrygge eller føle seg tilsidesett? (Gullestad, 2002a, s. 65). «Hvor mye utrygghet skal 'vår' trygghet koste?» (Gullestad, 2002a, s. 65). Det vil seie; skal majoriteten sin tryggleik alltid gå på kostnaden til minoriteten? Eit av problema Gullestad trekk fram i samband med nasjonal identitet er at majoriteten i lita grad har bevisstheit rundt eigne verdiar og levesett som utgjer den aktuelle identiteten (2002a, s. 65). Det er ikkje lett å integrere nokon eller tilpasse ein identitet for å inkludere fleire, om ein ikkje veit kva den identiteten går ut på i utgangspunktet. Gullestad argumenterer både for at innvandrara og deira etterkomara skal ha moglegheit til å delta i demokratiet på lik linje som etniske nordmenn, og for at dei gamle, nasjonale tradisjonane skal vere *levande*, og ikkje «museumsversjoner av norskhet» (2002a, s. 67). Ho framsnakkar altså utvikling og endring i takt med resten av det globale samfunnet, i motsetnad til å tvihalde på den same versjonen av den norske kulturen, tradisjonane, skikkane, politikken og folka som ein kunne finne for fleire generasjonar sidan. Gullestad trur at det å gjere det norske samfunnet meir «globalt» kan gje rom for eit større mangfald i det nasjonale fellesskapet (2002a, s. 67).

2.1.4 Rasisme

Det å finne ein felles definisjon for omgrepet og fenomenet «rasisme» er eit tema som er mykje omdiskutert i nyare, norsk historie (Helland, 2015, s. 109). Det er ein balanse mellom det å gå for «breitt» om altomfattande, og det å gå for snevert og fokusere på heilt konkrete situasjonar som utelukkar det store biletet (Helland, 2015, s. 109). Frode Helland, professor i nordisk litteratur, trekk fram Framstegspartiet som eit døme på «utviklingen av en rasistisk diskurs i norsk offentlighet» (2015, s. 111). Spesifikt skriv han om Carl I. Hagen som i 1987 under si valkampanje la fram eit brev som var signert «Mohammad Mustafa», som han brukte som bevis på at Noreg kom til å bli teke over av muslimar i løpet av kort tid (Helland, 2015, s. 111–112). Dette brevet viste seg å vere falskt, noko som politikaren ikkje hadde sjekka før han spreidde frykt og rasisme under valkampanjen sin. Helland presiserer at om muslimar skulle ha «teke over Noreg» hadde krevd at alle hadde fødd tusenvis av born kvar, for at Carl I. Hagen si frykt skulle bli sann på eit par generasjonar, slik han uttrykte at det kom til å skje (2015, s. 112).

Førsteamanuensis i psykologi Christopher Bratt har forska på haldningar til og fordommar mot menneskje med anna kultur og ulik hudfarge blant europearar. Han etablerer eit skilje mellom *biologisk rasisme* og *kulturell rasisme*. I sin tidsskriftartikkel kallar han den førstnemnde «god, gammaldags» rasisme basert på eit hierarki av rasar og menneskje (Bratt, 2022, s. 209) der dei eine ser ned på den andre. *Kulturell rasisme* går eitt hakk vidare og tek for seg eit hierarki av kulturar. Bratt skriv at dette er eit relativt nytt omgrep som omhandlar negative haldningar mot immigrantar og deira kulturelle bakgrunn (2022, s. 209). Gjennom hans undersøkingar av rasisme i Europa oppdaga Bratt at 67% av nordmenn kjenner på ein overlegenheit ovanfor andre kulturar, men veldig få uttrykte biologisk rasisme (2022, s. 217). I den totale undersøkinga av dei europeiske landa hamna Noreg på toppen, som eitt av dei mest rasistiske (Bratt, 2022, s. 217). Bratt trekk ei linje mellom det høge sosiale samhaldet i Noreg og den høge kulturelle standarden vi sett for alle andre, då det viser seg at land med lågare sosial samhald har mindre kulturell rasisme, som til dømes Ungarn. (2022, s. 217–218)

Marianne Gullestad knyt *rasisme* til konseptet *avmakt*: «kraftløshet, svakhet, maktesløshet» («avmakt», u.å.). I kapittelet «Rasisme uten ansikt» (Gullestad, 2002b) tek ho for seg rasisme, spesifikt i forbinding med to norske forskarar som har fokusert på dette temaet på ulike måtar. Gullestad skriv at ifølgje ei rekkje forskarar er rasistiske utsegn ei kompleks samansetjing av religiøse førestillingar og stereotypiar som lagar forbindingar mellom «fenotypiske (fysiske), sosiale, mentale, symbolske og fiktive trekk» (Gullestad, 2002b, s. 148). Rasisme er ofte

prega av fordommar, klisjear, botnlause førestillingar, stereotypiar eller argument utan logikk, noko som gjer at handlingane kan verke spontane og lite systematiske (Gullestad, 2002b, s. 149).

Ifølgje Vold meinte Edward Said at både forfattarar og mottakarar historisk sett har hatt vanskeleg for å kjenne igjen og identifisere rasisme i litteratur, fordi kulturen vart sett på som eit symbol på danning og noko av høg verdi (2019, s. 60). Spesielt vanskeleg har det vore å snakke om rasismen som har funne stad. Det vil seie at maktubalansen og det som ofte var openbar rasisme i litteratur har fått fritt spelerom over lang tid, fordi det var ikkje ein del av kulturen å ha ein open dialog om det eller slå ned på det.

2.2 Analyse og drøfting av *HØR HER 'A!*

2.2.1 Kulturmøte i *HØR HER 'A!*

Mahmoud er født og oppvaksen i Oslo, og kjenner seg «Oslosk» (Sharif, 2021, s. 11). Når han er i Pakistan, der foreldra kjem frå, er han på *ferie*, det er ikkje heime for han: «Saken er, etter en sommerferie i Pakistan du føler deg som jævla Marvel-helt. Du har overlevd alt, jeg koder ikke!» (Sharif, 2021, s. 8). Han er ikkje vand med den pakistanske kulturen og skikkane, så det er tøft for han å vere der. Sharif samanliknar korleis kjeledyra i dei to landa blir behandla:

Og gatebikkjer! I Norge bikkjene spiser sånn Pedigree pal og tygger på leker, de sitter og ser på Nytt på nytt med eierne sine, blir oppdatert på verden. Lykkelige bikkjer som smiler med fin rosa tunge og fine tenner, de storkoser seg, som hoggormene. Skjønner du? I Pakistan bikkjene har spist møkk og dritt, døde dyrelik, vetta faen hva de har fått i seg! (Sharif, 2021, s. 8–9).

Ein kan trekke ein parallell mellom denne samanlikninga, og korleis Mahmoud samanliknar nordmenn og utlendingar i romanen. Den er prega av humor og overdriving, men seier samtidig noko om korleis Mahmoud ser på dei to ulike menneskjegruppene. Vidare skriv Sharif «De [hundane] loker slappe rundt hele dagen, som utlendingene på Grønland og kurderne på Oslo City som tror de skal få seg dame. Og så hvis de ser noe matbit, de slår til. Ikke kurderne, bikkjene.» (Sharif, 2021, s. 9).

Mahmoud har eit utanfrå-og-inn blikk på utlendingar, det verkar som at han ikkje kjenner seg sjølv som ein del av denne gruppa, til tross for at han har foreldre med pakistansk opphav. Moglegvis kjenner Mahmoud på ein viss kulturell overlegenheit – ein rasisme ovanfor andre immigrantar og deira kulturelle bakgrunn (Bratt, 2022, s. 209). Thompson skriv at kulturar

som har eit felles utgangspunkt, til dømes at dei begge har kjend på undertrykking, er mindre sannsynlege til å patronisere og sjå ned på andre kulturar, fordi dei har likemenn og ikkje nødvendigvis er ein del av vestleg kultur enda (2011, s. 163–164). Dette kan ikkje seiast å stemme for Mahmoud, det er gjennomgåande i romanen at han ser ned på menneskje med andre utgangspunkt enn han sjølv. Moglegvis ville foreldra hans, som sannsynlegvis har kjend på undertrykking og det å søke eit fellesskap i eit nytt land, tenke litt annleis.

Med humor til grunne samanliknar han gatehundane i Pakistan med utlendingane og kurdarane som «lokar» rundt i Oslo, utan å reflektere over sin eigen posisjon i det heile. Denne samanlikninga blir også brukt seinare i romanen, då Mahmoud snakkar med onkel Ji om permisjonsordninga i Noreg. Den sistnemnde lurar på om ein får pengar for å bli pappa, og får vere heime for å gjere nokon gravid (Sharif, 2021, s. 52). Mahmoud svarer: «Ja, onkel ji, sånn er det i Norge. Man ser på mennesket som menneske, ikke et dyr. Man blir tatt vare på, onkel ji!» (Sharif, 2021, s. 52). Det blir trekt ei direkte slutning mellom Noreg og menneskeleg behandling, og andre land (Pakistan?) og det å bli behandla dårleg, som eit dyr. Noreg er plassen å bu for Mahmoud, her blir han teke vare på, og har eit sikkerheitsnett, som til dømes NAV (Sharif, 2021, s. 68). Det blir likevel presisert av Sharif at det er hovudsakleg somaliarar, marokkanarar og irakarar som «ikkje gjer ein dritt» og som går på NAV (Sharif, 2021, s. 68).

Bhabha meinte at kolonist og kolonisert påverka kvarandre gjensidig, gjennom til dømes kultur, religion, skikkar og normer (Claudi, 2013, s. 198). Mahmoud kan seiast å ha blitt påverka av både foreldra sin opphavslege, pakistanske kultur, og den norske kulturen som han lev i. Til dømes kan han tulle om at onkelen har «trønderbart» og framsnakke Pride-paraden i Oslo (Sharif, 2021, s. 60 og 74–75), før han dagen etter går i moskeen og høyrer på imamen som gir fredagsbøn (Sharif, 2021, s. 78). Onkel Ji, som berre er på besøk i Oslo, er ikkje like integrert i, og påverka av, det norske samfunnet, så han blir meir skremd av bøna i moskeen enn det Mahmoud blir. Imamen fortel at dei ikkje må synde, passe på blikka sine og sjå ned, elles ventar helvete (Sharif, 2021, s. 78). Reaksjonane deira på dette viser at Mahmoud har meir av det norske samfunnet i seg, han er moglegvis ikkje så lett å skremme? Onkel Ji svettar og ber hardt om tilgjevnad, medan Mahmoud er «opptatt med å lage den beste planen om hvordan få onkel til å synde» (Sharif, 2021, s. 78). Dei koloniserte (i dette tilfellet, Mahmoud) blir påverka av forholda dei lev i (Claudi, 2013, s. 198), men onkel Ji har ikkje hatt moglegheit til å bli påverka i same grad av norske forhold av tidsmessige årsaker.

På side 69 i romanen opplev Mahmoud ei lita identitetskrise, der han lurar på kvar han høyrer heime:

Jeg har ikke vært mange steder i verden eller Europa, men jeg er veldig glad i denne byen, noen ganger føler jeg meg verken norsk eller pakistansk, jeg lover deg, jeg føler meg sånn ... oslokk. Jeg sverger, de burde hatt en egen nasjonalitet på passet, oslokk. Så hvis noen hadde spurt meg hvor jeg kommer fra, jeg hadde sagt rett ut: «Jeg er fra Oslo, jeg er oslokk.»
Identitetskrise ferdig, brur. (Sharif, 2021, s. 69).

Ifølgje Mahmoud sjølv passar ikkje han heilt inn i det norske samfunnet med dei norske verdiane, skikkane og normene. Hans løysing er å lage ein eigen identitet, som er berre hans og ingen andre sin. Gullestad trekk fram at ein måte å skape meir mangfald i det nasjonale fellesskapet er å gjere det norske samfunnet meir globalt (Gullestad, 2002a, s. 67). Vi kan opne landegrensene og hovuda for både nye folk og idear, noko som skapar større rom for at alle skal ha plass i landet.

Onkel Ji, altså onkelen til Mahmoud, kjem på besøk til Noreg på eit to månadars visum (Sharif, 2021, s. 13), og Mahmoud får i oppgåve å vere hans guide rundt i Noreg denne sommaren. Allereie frå deira fyrste møte kommenterer hovudkarakteren at onkel Ji er annleis enn han sjølv: «Han har latt barten gro skikkeleg, har på seg pakistansk shalwar kameez med svart vest. Ser ut som en ekte korrump pakistansk politiker.» (Sharif, 2021, s. 39). Det blir tydeleg gjennom romanen at onkelen heller ikkje har tenkt til å ta av seg dei tradisjonelle pakistanske kleda for å passe inn i Noreg, og Mahmoud samanliknar han stadig med korrumperte politikarar (Sharif, 2021, s. 59–60). Dei har ikkje pengar til å reise lenger enn rundt i Oslo, men dei får sett mykje der. Mahmoud fortel om norsk historie og samfunn; Aker Brygge, festningen som spøkar, nordmenn under andre verdskrig og kven som var forrædarar og kven som var heidra, historia bak den store mengda med pakistanske menneskje i Noreg og Stortinget og kven som har laga statuane utanfor (Sharif, 2021, s. 61). Dette er døme som viser i kva grad Mahmoud er ein del av det norske samfunnet. Han veit *mykje* om omgjevnadane rundt seg, han er interessert og gjenfortel gjerne.

Ifølgje Bhabha skapast det førestillingar om eit nasjonalt fellesskap når lokale og familiære band brytast grunna migrasjon, det overførast kjensler om heim og tilhøyrslar «mellom medlemmer av det forestilte nasjonale fellesskapet, på tvers av fysiske avstander og kulturelle skiller.» (Claudi, 2013, s. 202). Moglegvis kjenner Mahmoud på ei kjensle av å vere ein del av det nasjonale fellesskapet, nettopp grunna dette. Gjennom å vise onkelen Oslo, blir det tydeleg at han er ein *del* av samfunnet, ikkje ein som står utanfor og ser inn.

Skilnaden mellom Mahmoud og onkel Ji blir framheva då dei to reiser til nudiststranda på Huk på Bygdøy:

Du vet gæmliser med rynkete og slappe baller og gamle kjerringer med hengemage og bollemus med hvitt hår. Du skulle ha sett han, mann, det er som om munnen hans faller helt ned til bakken som Jim Carrey i filmen med maske. Stakkaren får ikke de rynktete gamlingene ut av hodet, brursan! (Sharif, 2021, s. 71–72).

Mahmoud seier sjølv at dei reiser dit «for å være skikkelig evil og gjøre onkel frustrert» (Sharif, 2021, s. 71), så han er godt klar over kva han gjer. Mahmoud reagerer ikkje på synet, men reflekterer rundt det at «Egentlig burde han [onkelen] ha sett norske fjell og fjorder, men vi har ikke råd til å ta ham med så langt.» (Sharif, 2021, s. 72). Refleksjonen hans handlar ikkje om norske skikkar (som å sole seg naken), men om kva som er essensielt å sjå i Noreg, og kva onkelen dermed går glipp av grunna deira mangel på pengar.

2.2.2 Klassereise

Allereie i den fyrste setninga i Sharif sin HØR HER'A! blir det etablert at Mahmoud har sommarferie (2021, s. 7). Han er 15 år gammal og handlinga tek føre seg sommaren før han og venen «enøydje Arif» skal byrje på ulike vidaregåande skular, og dei synast det er svært trist å skulle skiljast frå kvarandre (Sharif, 2021, s. 172). Som nemnd i kapittel 2.1.1 trakk Finansdepartementet i si stortingsmelding fram «utdanning, integrering og arbeid» som viktige faktorar for å motverke ulikskap og skape eit samfunn med høg velferd (Meld. St. 13 (2018-2019), s.136). Det å gå på skule og takle nye utfordringar er ein sjølvstøtt del av livet og identiteten til Mahmoud:

Brur, det er siste dagen av sommerferien, dagen før jeg skal begynne på ny skole. Jeg gleder meg, men samtidig jeg gruer meg. Fordi livet har forandra seg. Men Mahmoud skal gjøre det beste ut av situasjonen, bro! Alltid! Har man noe valg? (Sharif, 2021, s. 171).

Han kjenner på naturlege kjensler som å vere nervøs, men det er heilt sjølvstøtt for han å skulle gå på skule. Foreldra til Mahmoud er ikkje fødd i Noreg slik som han, dei kom hit frå Pakistan. Mahmoud «hermar» fyrst etter kva faren seier: «Bro, pappaen min tok ikke tog og container til Norge gjennom Tyskland og Danmark for å bæsje ute» (Sharif, 2021, s. 7). Dette blir deretter ei gjentakande setning gjennom heile romanen der faren minner Mahmoud på kvar han kom frå; «jeg kom ikke til Norge for å...». Til dømes: «Jeg kom ikke til Norge for at du skal gå rundt i skogen og lete etter deg sjæl hele tida» (s.8) og «Jeg kom ikke til Norge for å kjøpe en ny pose hver gang jeg skal til butikken, Mahmoud. En pose kan brukes til den ikke ser ut som en pose mer.» (Sharif, 2021, s. 14). Mahmoud blir konstant minna på kor mykje

faren hans har ofra for at han skal ha dei moglegheitene og det livet han har i Noreg, versus om dei hadde blitt igjen i Pakistan.

Mahmoud kjenner seg i større grad som ein nordmann, enn som ein pakistanar, og drøymar hyppig om korleis framtida og livet hans kjem til å sjå ut:

Jeg sitter ofte på benken nedenfor blokka mi og dagdrømmer hver time, hvert sekund om å flytte nærmere der ting skjer. Ned til byen, forbi alle de stygge T-banestasjonene vi har her som ingen har gidde å pusse opp ordentlig. Jeg følger meg oslosk og har lyst til å erobre hovedstaden (Sharif, 2021, s. 11).

Han kjenneteiknar seg sjølv som *oslosk*,- ein Oslo-borgar som har ambisjonar og vil kome seg ut av bydelen han er vaksen opp i. Sharif skriv vidare «Men for å erobre hovedstaden må man ha flus, penger, lægs, kachinglyd i lomma, bro! Ikke noe deilig for oss utlendinger uten penger som må slite benkene her i området» (2021, s. 11). Mahmoud fordømmer seg sjølv til ein person som kjem til å «slite benkar», fordi det er urealistisk for han å kome seg nokon stad utan å ha pengar eller eit sikkerheitsnett. Sharif samanliknar Mahmoud med den slitne posen som mora hans kastar ut vindaugget med pengar til å handle på nærbutikken; «Du svever rundt som den posen ut i lufta, drømmer om bedre dager» (2021, s. 12). Mahmoud blir raskt negativ igjen når han samanliknar seg med etniske nordmenn, så moglegvis ser ikkje han på seg sjølv som heilt *oslosk* likevel? «Men det er ikke meg denne nasjonen trenger, det er etnisk norsk nordmann dette landet trenger» (Sharif, 2021, s. 12).

Gjennom det Sharif skriv om Mahmoud sin familie i Pakistan og foreldra sine eigne utgangpunkt og karrierar, tydeleggjerast det for lesaren at foreldra kjem frå enklare kår. Til dømes: «Faren vår har kjørt drosje hele livet. Han vet ikke så mye om verden utafør, han jobber, kommer hjem, går på jobb kommer hjem igjen. Som en klokke.» (Sharif, 2021, s. 93). Fleire gongar gjennom romanen får lesaren vite at Mahmoud har tenkt seg på Blindern (eit campus under Universitetet i Oslo (*Universitetet i Oslo*, u.å.)) når han er ferdig med vidaregåande skule (Sharif, 2021, s. 33, 36 og 52). På side 33 skriv Sharif at foreldra drøymar om at han skal bli «advokat, lege eller ingeniør» (2021), men han sjølv har eit ynskje om å bli lærar. Det vil seie at vil vere den fyrste personen i sin nære familie til å fullføre ei høgare utdanning. Han har høge ambisjonar, for når han har blitt lærar skal han ha «svaret på alt» (Sharif, 2021, s. 59). Det skal løyse alle gåter og spørsmål han får frå Ali, og samtidig moglegvis løyse alle problema han har i livet sitt?

Fordi han allereie er så innstilt på å «kome seg oppover på rangstigen» gjennom ei utdanning, kan ein merke avstanden som Gullestad referer til allereie no, sjølv om Mahmoud framleis bur

heime. Han er på mange måtar distansert frå staden han vaks opp og miljøet rundt seg (Gullestad, 2002a, s. 74). Han seier at han veit at læraryrket ikkje er populært blant pakistanarar fordi dei er oppteken av prestisje, men han vil arbeide med å hjelpe og motivere barn og ungdom (Sharif, 2021, s. 33). Allereie her kan lesaren merke ei splid mellom Mahmoud sin bakgrunn og framtida hans. Han vel å gå imot det som blir sett på som viktig og prestisjefyllt, og i staden velje noko som han brenn for sjølv, noko som kan seiast å vere meir i tråd med norske verdiar, enn pakistanske, slik Sharif forklarar her. Noreg er, som sett tidlegare i oppgåva, på toppen i sosial mobilitet (Støren, 2016). Det kan difor seiast å vere fullt mogleg for Mahmoud å kome seg oppover i systemet, han er ikkje «dømd» til å køyre drosje eller ha ein reinhaldsjobb, slik som foreldra.

Som diskutert i kapittel 1.4, kan ein trekke parallellar frå forfattar Gulraiz Sharif sitt eige liv til denne klassereisa som Mahmoud begir seg ut på. På same måte som hovudkarakteren sin er han barn av innvandrareforeldre frå Pakistan og valde å bli lærar, før han seinare også vart forfattar (Ruud, 2020). I eit intervju med Marianne Ruud fortel han om det same presset frå eigne foreldre som Mahmoud kjenner på i boka; å skulle bli eitt av ALI-yrka, altså advokat, lege eller ingeniør (Ruud, 2020). Sharif gjekk sjølv på Blindern og hadde ei svært god oppleving der (Ruud, 2020). Ein kan ikkje påstå at Mahmoud er ein kopi av forfattaren, men basert på Slettan sin påstand om at forfattarar ofte brukar erfaring frå eiga ungdomstid for å treffe ungdomsgruppa (2018, s. 12), i tillegg til informasjonen Sharif har oppgitt om seg sjølv i intervju-settingar og liknande, kan ein anta at han i nokon grad i alle fall har blitt inspirert av sitt eige oppvekstmiljø og omgjevnadar.

Som vi har sett tidlegare skriv Slettan at det er vanleg at foreldregenerasjonen ofte blir satt opp som anten med- eller motspelarar i fleirkulturell litteratur (2018, s. 23). Det vil seie at det er svært vanleg å gjere opprør og vise motstand mot både folka, kulturen og identiteten som ein er vaksen opp med (Slettan, 2018, s. 23). Ein kan merke i romanen at Mahmoud allereie kjenner på distansen til bakgrunnen, familien og oppveksten sin. Når mora klagar over faren som et for mykje chili før han sett seg i drosja og gjer ingenting, går Mahmoud sine tankar med ein gong over til ei potensiell løysing som han ikkje tør å seie høgt; ho kan få seg ein norsk mann i staden:

Jeg lar bare mamma holde på med talen sin, eg tror det bare er sunt for henne, luften ut tankene sine. Hva skal jeg si? 'Bytt mann, da, mamma! Få deg en ny samboer, en norsk rolig nordmann. Ole Petter! Han spiser bare milde ting. Spiser rugbrød med paprika og kremost på!

Får ikke rompevondt!’ Da hun hadde blæsta meg, bro, så hardt med en av sandalene sånn at jeg hadde sittet der med rompevondt selv. (Sharif, 2021, s. 36).

Gullestad skriv at det å foreta ei klassereise inneber å kjenne på kroppen korleis det er å bevege seg mellom miljø med ulike kulturelle kodar og normar (2002a, s. 74). Mahmoud kjenner allereie korleis det er å måtte balansere det å vere i to ulike miljø, for heime er foreldra strenge, har pakistanske tradisjonar og verdier, og forventar mykje av han. Men utanfor leilegheita i 12.etasje kan han slappe av, spesielt når han er saman med kompisen, Enøyde Arif, på benken utanfor leilegheita, der dei begge kan slappe av i fred og ro, utan mas frå foreldre; «Vi tar en tur ned til benken. Sitter, slapper av.» (Sharif, 2021, s. 98).

Ein kan argumentere for at Mahmoud meiner han sjølv er betre enn andre med innvandrarbakgrunn, moglegvis som ein måte å vise motstand mot sin eigen innvandraridentitet? Han viser det Bratt kallar *kulturell rasisme*, altså eit hierarki av immigrantar og kulturelle bakgrunnar (2022, s. 209), til tross for at han har foreldre med pakistansk bakgrunn sjølv. I samtale med Enøyde Arif vurderer Mahmoud om han skal fortelje om broren Ali sin kjønnsinkongruens og ynskje om å bli jente. Han konkluderer med at Arif ikkje kjem til å skjønne det fordi han er treig; «Tror ikke akkurat han skal begynne på Blindern, men man vet aldri.» (Sharif, 2021, s. 99). Er dette fordi Arif er ein mindre intelligent fyr generelt, eller er det fordi han er av somalisk bakgrunn? På side 30 skriv Sharif at heisa til leilegheita i 12.etasje skal reparerast, så Mahmoud må ta trappa i fleire månadar: «Til og med en afrikaner som henter vann flere kilometer unna har det bedre enn meg, fordi de må ikke gå opp trapper, de må bare rett fram, liksom!» (2021). Mahmoud ser på seg sjølv som høgare stilt enn, i dette tilfellet, afrikanarane, så difor burde han bli behandla betre. Moglegvis meiner han at han burde bli behandla som ein etnisk norsk nordmann med heis og eit liv i luksus, i staden for ein ungdom med utanlandsk bakgrunn?

2.3 Oppsummering

Gjennom det andre kapitlet har eg sett på kulturmøta i *HØR HER 'A!*, meir spesifikt kva dei kunne seie om dei ulike identitetane i romanen. Gullestad sin definisjon av *kulturmøte* har lagt til grunne for analysen: «Det finnes en rekke ‘kulturmøter’ i hverdagslivet, definert som møter mellom mennesker med noe ulike erfaringer og tolkningsrammer» (2002a, s. 73). Eit av desse møta mellom ulike menneskje vi har sett på frå romanen er onkel Ji som kjem på besøk til Noreg. Han blir ein måte for både Mahmoud og lesaren å sjå Noreg med eit «utanfråperspektiv», der alt er nytt og spanande, som til dømes nudiststrand på Huk og permisjonsordninga i Noreg.

Eg har også blant anna undersøkt korleis klassereiser kjem til syne i *HØR HER'AI!*, gjennom Mahmoud sitt liv og ynskje om å byrje på universitetet. Ifølgje Gullestad kan hovudkarakteren kjenne korleis det er å bevege seg mellom miljø med ulike kulturelle kodar og normar (2002a, s. 74), noko som forsterkast i tolkinga av at han bevegar seg vidare frå foreldra til pakistanske til den norske kulturen. Samtidig prøver Mahmoud balansere det å spele på lag, eller gjere motstand mot, foreldra sine, som er svært vanleg i ein fleirkulturell litteratur (Slettan, 2018, s. 23).

Mahmoud er ein gut som har ein fot i kvar kultur. Han vil både vere pakistansk, helst for foreldra sin del, og han vil gjerne vere norsk. Aller mest kjenner han seg «oslosk». Han kan i stor grad seiast å vere påverka av den norske kulturen og samfunnet, så onkel Ji verkar som ein motsetnad til hovudkarakteren og hans «norsk-skap». Eg meiner også at Mahmoud uttrykk ein kulturell rasisme ovanfor andre kulturar og menneskje, han meiner at han sjølv og hans eigen identitet er høgare på rangstigen enn andre.

3.0 Å uttrykke identitet gjennom språk

I dette kapittelet skal eg sjå nærare på korleis dei ulike identitetane i *HØR HER'A!* kjem til uttrykk gjennom språket i romanen. Eg skal undersøke korleis Sharif har valt å nytte språket som eit verktøy for å framheve, undersøke og formidle informasjon om dei ulike menneskja og menneskjegruppene i romanen. Korleis kan språk både bryte ned og skape stereotypiar rundt menneskje? Teoriane til blant anna Bente Ailin Svendsen, Finn Aarsæther, Brit Mæhlum, Ingunn Indrebø Ims og Carl Thompson blir brukt i dette kapittelet.

3.1 Teori

3.1.1 Kva skal ein kalle språket?

Professor og lingvist Bente Ailin Svendsen publiserte i 2014 artikkelen «Kebabnorskdebatten. En språkideologisk forhandling om sosial identitet.» i *Tidsskrift for ungdomsforskning*, der ho utfører ei diskursanalyse av norsk presse sin debatt omkring «kebabnorsk» frå juni 2009. Svendsen bruker omgrepet «kebabnorsk» om «nye måter å snakke norsk på blant ungdommer med og uten innvandrerbakgrunn i Oslos flerspråklige byrom» (2014, s. 33). Geografisk finn vi altså talemålet hovudsakleg i Oslo, i multikulturelle settingar beståande av ungdom med både minoritet- og majoritetsbakgrunn (Aarsæther, 2010, s. 111).

Førsteamanuensis Finn Aarsæther kjenneteiknar «kebabnorsk» som «Phonologically the length of vowels may differ, prosodically another ‘rhythm’ may occur, morphologically the gender system and the use of definiteness may be simplified, and syntactically the V2-rule may be violated» (2010, s. 112). Det vil seie at talemålet er ulikt Oslo-dialekt i blant anna lengde på vokalar, rytmen er annleis og ofte byter ein om rekkefølga på subjekt og verbal i setninga. Det kan kallast både ei dialekt og ei sosiolekt, og er ei blanding av fleire språk, ofte som eit resultat av at menneskje med ulike bakgrunnar omgåast. Dette er ikkje eit nytt fenomen; alltid har språk endra og utvikla seg fordi folk har budd, arbeidd og levd saman, og samtidig påverka kvarandre språkleg. Det var likevel ikkje før på 1980-talet dei fyrste norske og danske undersøkingane på lingvistiske praksisar i ein multilingvistisk kontekst vart gjennomført (Svendsen, 2010, s. 12).

Frå midten av 1990-talet byrja både folk og media å bruke termen «kebabnorsk» for å omtale det voksande talemålet (Svendsen, 2014, s. 33), men mange argumenterer for at omgrepet ikkje er verdi-nøytralt og har utelukkande negative assosiasjonar (Svendsen, 2013). I ein kronikk skriv Svendsen at «kebabnorsk» framstillast som «avvikende, uforståelig og ‘dårlig’ norsk (...)» (2013). Førsteamanuensis Ingunn Indrebø Ims gav i 2013 ut ein artikkel der ho

presenterte resultatene frå ei internetbasert undersøking om namn og omgrep for det nye talemålet ein kan finne i fleirspråklege område i Oslo, basert på over 100 000 svar (2013, s. 37). Ho skriv at det finst ingen konsensus om kva ein skal kalle talemålet, men frå eit lingvistisk perspektiv er det vanleg å bruke både «multietnolekt», «multietnolektisk stil» og «multietnolektisk ungdomsspråk» (Indrebø Ims, 2013, s. 43). Også Aarsæther bruker omgrepet «multietnolektisk ungdomsspråk» i sitt kapittel «The Use of Multiethnic Youth Language in Oslo» (2010, s. 111). Professor og lingvist Brit Mæhlum definerer «multietnolekt» som «den eller de måtene å snakke et gitt majoritetsspråk på som først og fremst er i bruk i flerkulturelle ungdomsmiljøer i europeiske storbyer.» (2011, s. 11).

Eg har vald å bruke omgrepet «multietnolekt» for å skildre talemålet i mi masteroppgåve, fordi det historisk sett har vore verdinøytralt, i motsetnad til «kebabnorsk» som har eit større spenn av assosiasjonar tilknytt seg. Mæhlum skriv at «kebabnorsk eller jallanorsk, og blir generelt estimert som ‘dårlig’, ‘fordervet’ og ‘mindreverdig’ språkbruk.» (2011, s. 11). I kontrast oppdaga Indrebø Ims i hennar undersøking at omgrepet «kebabnorsk» rundt 2010-talet hadde gjennomgått ei diskursiv nøytralisering, det var ikkje lenger utelukkande negative assosiasjonar knytt til det (2013, s. 61). Svendsen gjorde ei undersøking i 2013 der ho stilte seg opp på torget på Holmlia i Oslo, og spurte alle ungdomane ho møtte om kva dei kalla talemålet dei snakka (Kvittingen, 2018). Alle ho snakka med sa at dei snakka «kebabnorsk», noko som kan tyde på ei nøytralisering av omgrepet (Kvittingen, 2018).

3.1.2 Haldningar til multietnolekt

Til tross for at ein kan diskutere om omgrepet «kebabnorsk» er nøytralisert, er framleis *bruken* av multietnolekt svært omdiskutert, både blant lingvistar og lekmenn. Til dømes skreiv Rina Sunder i 2021 lesarinnlegget «Legg bort kebabnorsken!» i Aftenposten, der ho argumenterte for at bruk av multietnolekt gir ein lågare plass i samfunnshierarkiet og skapar eit ubalansert maktforhold mellom samtalepartnarar (Sunder, 2021). Ho meiner at språk er effektivt som maktmiddel, men unge menneskje som brukar multietnolekt har eit ubevisst forhold til språk, og manglar difor moglegheita til å nytte det fulle ibuande potensialet (Sunder, 2021). Yvonne Ruyter kom med eit tilsvar til lesarinnlegget, der ho skriv at det å framstille multietnolekt som «inadekvat norsk» viser til eit utdatert, avgrensa og unyansert syn på ungdomar sitt språk (Ruyter, 2021). Ho trekk fram at multietnolekt blir i dag snakka av unge uavhengig av bakgrunn og geografisk stad, og det blir difor ukorrekt å skildre unge med innvandrarbakgrunn som ei eiga gruppe og samtidig ein etnisk «andre» (Ruyter, 2021).

Andre teoretikarar, som til dømes Carl Thompson har også tematisert konseptet med «othering» - altså «oss» versus «dei andre» (2011, s. 132). Han skildrar det som «[...] ‘othering’ simply denotes the process by which the members of one culture identify and highlight the differences between themselves and the members of another culture» (Thompson, 2011, s. 132). Meir spesifikt skriv han at det handlar om prosessen der den eine kulturen framstiller den andre kulturen som både annleis og lågare stilt enn seg sjølv (Thompson, 2011, s. 132–133).

Svendsen påpeiker ein samanheng som ofte blir konstruert mellom «ungdom med innvandrarbakgrunn» og multietnolekt (2014, s. 35). I «Kebabnorskdebatten» vart ungdommen sin språklege praksis blir framstilt som «’dårlig norsk’, avvikende og uforståelig, og settes opp mot en forestilling om et standardisert eller ‘rent’ norsk språk.» (Svendsen, 2014, s. 35). Svendsen skriv at multietnolekt blir knyt til problem sosialt, i utdanning og i arbeidslivet (2014, s. 35). Ho oppdaga også at debatten som føregjekk om dette i media i 2009 var med på å konstruere og oppretthalde stereotypiar om både talemålet, ungdomane sjølv og korleis dei blir framstilt som dei etniske «Andre» (Svendsen, 2014, s. 35).

Ifølgje Indrebø Ims har talemålet i stor grad sosial tyngde: «Det å veksle mellom ulike talestiler i ulike kontekster er nettopp ett av flere kjennetegn ved språklig praksis blant ungdommer i flerspråklige bymiljø i dag.» (2013, s. 43). Språket er i stor grad ein del av ein person sin identitet, det er korleis vi presenterer og framstill oss sjølve for andre. Svendsen seier at den språklege stilen handlar om «Å markere at man hører til. Eller føler seg som noe mer enn det tradisjonelt norske.» (Kvittingen, 2018). Ved å bruke multietnolektisk talemål viser ein til mottakaren at ein er ein del av ein større, global identitet som kryssar dei norske landegrensene (Kvittingen, 2018). Også Ruyter skreiv i sitt lesarinnlegg at multietnolekt viser til sosiale tendensar som omhandlar «språk, identitet, mangfald og integrering» i Noreg (2021). Språket er ikkje berre eit talemål isolert til ein stad, det kan seie oss noko om kven ein person er, og kven hen vil framstille seg sjølv som.

Svendsen undersøker koplingar mellom arbeidsløyse og multietnolekt i debatten, og trekk fram ein brukar av multietnolekt som sjølv presenterer moglege grunner til at ungdom med innvandrarbakgrunn har vanskelegare for å få seg jobb, som til dømes fordommar, manglande kunnskap om «minoritetsungdom» eller mangel på kvalifikasjonar (Svendsen, 2014, s. 48). Også Frode Helland tek opp koplinga mellom hudfarge og jobbsøking i sin artikkel, hovudsakleg med fokus på korleis rasisme viser seg i prosessen. Han skriv at arbeidsgivarar ikkje ynskjer å tilsette «svarte» menneskje, i tillegg til at det finnast ein gjennomgåande

rasisme i samfunnet som kan «unnskyld» eller gjere dette «rasjonelt»: «For hvis noen skulle la være å ta hensyn til hudfarge, står de i fare for å miste sine kunder, siden folk generelt regner firmaer med ‘svarte’ medarbeidere som mindre kompetente, ‘useriøse’.» (Helland, 2015, s. 140). Heilt ubevisst (eller, i nokre tilfelle, bevisst) kan nordmenn ha vanskar med å stole på bedrifter som har tilsett menneskje med mørk hudfarge (Helland, 2015, s. 140).

3.1.3 Kva betyr det å bruke multietnolekt?

Universitetslektor Magnus Thunes Jensen skriv at ein kan skilje mellom to typar ungdomsromanar: *ikkje-komplekse* og *komplekse* (2018, s. 85). Den fyrstnemnde er kategorisert av at teksten følgjer typiske sjangermønster, har oversikteleg oppbygging, hendingane er kronologiske, forteljaren er stabil og synsvinkelen er fast (Thunes Jensen, 2018, s. 85). Romanen stillar spørsmål og presenterer problem som oppklarast i korrekt rekkefølge (Thunes Jensen, 2018, s. 89). Ein kompleks ungdomsroman er det motsette. Den utfordrar lesaren både med tanke på form og innhald, og krev meir arbeid og innsats for å lese, forstå og tolke (Thunes Jensen, 2018, s. 85) Til dømes kan forteljarteknikken eksperimentere i større grad, synsvinklar kan variere, og problem og konflikhtar treng ikkje å vere avklart ved bokas ende (Thunes Jensen, 2018, s. 85 & 89).

Å bruke multietnolekt inneber også at ein seier noko om *stad* – fordi det kan også seiast å vere ei sosiolekt. Andrew Thacker skriv at spørsmålet om «kvar» i litteraturen har blitt meir aktuelt og diskutert i nyare tid (2017, s. 28). Han siterer Moretti og skriv «[geography is] not an inert container... but an active force, that pervades the literary field and shapes it in depth.» (Thacker, 2017, s. 30). Det vil seie at geografien som omkransar og er ein del av litteraturen ikkje er noko passivt og utan meining, den er med på å forme litteraturen som ein heilskap.

3.2 Analyse og drøfting av *HØR HER 'A!*

3.2.1 Kva seier multietnolekt om kven Mahmoud er?

I lesinga av romanen kan ein spørje seg sjølv om kvifor Gulraiz Sharif har vald å bruke multietnolekt i framstillinga av den historia han ville formidle til lesaren. Forma og språket er eit framtrudande element som kan ta merksemd frå sjølv innhaldet. I resepsjonen blir språket hyppig trekt fram som eit viktig element i romanen, som til dømes skriv Straume i NRK at «Forfatteren dikter Mahmoud frem gjennom språket. Ordstilling, ordvalg og oppfinnsomme bøyingsformer understreker guttens bakgrunn og miljø.» (2020). Nora Steenberg i BOK365 skriv i si bokmelding:

Det er umulig å snakke om denne romanen, uten å snakke om språket. I de språklige vendingene ligger hele fortellingen. Hovedpersonen Mahmood skriver slik han prater, med manglende bindeord og en god drøss kebab-norsk. Det er hans identitet, og gjør fortellingen mer levende. (Steenberg, 2020)

Sharif sjølv seier at språket er nøye gjennomgått og mykje innsats er lagt ned for å sikre at ord og uttrykk *faktisk* speglar ungdomen sitt daglegdagse språk, i staden for ein vaksen som prøvar å etterlikne og konstruere eit ungdommeleg språk (Ruud, 2020). Likevel kan ein påstå at det alltid vil vere ein viss distanse mellom eit «ungdommeleg språk» og den vaksne forfattaren som prøvar å skrive det så tru til originalkjelda som mogeleg. Sharif var oppteken av at språket skulle vere «muntlig og lett å lese for ungdom» (Ruud, 2020), og har difor vald å bruke eit språk som han meiner appellerer til den målgruppa.

Som Steenberg i BOK365 formidlar i si bokmelding; noko av det mest påfallande med ein gong ein opnar *HØR HER 'A!*, er det unike språket som Sharif har vald å bruke. Historia er skriven frå Mahmoud, hovudkarakteren sjølv, sitt perspektiv. Sharif er ikkje redd for å utvide og pynte på det skriftlege språket for å få fram den munnlege sjargongen til hovudkarakteren, som til dømes «ADHD, null problem, en schmækk eller en whopp med feiekost, og du er frisk. Ferdig snakka!» (2021, s. 93) og «Han kommer til å klikke brrrutaaalt.» (2021, s. 93). Dette gjer at lesaren får bli kjend med Mahmoud på ein heilt unik måte, det er nesten som ein kan høyre han snakke når ein les boka. Ein føler at ein kjem nærare karakterane på ein anna måte enn i litteratur med tradisjonell nynorsk eller bokmål som skriftspråk, fordi multietnolekta gir ein inngang inn til Mahmoud sin eigen identitet.

Multietnolekta brukt i *HØR HER 'A!* er, som tidlegare nemnt, ei form for sosiolekt, noko som vil seie at den seier noko om kvar Mahmoud kjem frå, hans bakgrunn og kven han oppheld seg med. Som Indrebø Ims skriv, er det å veksle mellom ulike talestilar ein stor del av ungdomen sitt språk i fleirspråklege byrom i dag (2013, s. 43). Dette kan seiast å vere spesielt tydeleg på til dømes austkanten av Oslo, der Mahmoud bur, noko som kjem fram fleire stader i romanen, som til dømes på side 58: «Bare fordi han er frå østkanten og pakkis, han må jo være elsket for det» (Sharif, 2021). Sharif skriv om Mahmoud som ser mørkt på området rundt blokka si, og som heller vil «erobre hovedstaden»:

Jeg lover deg, til og med de benkene her er leie av oss. De bare: «Hei gutta, har dere ikke noe annet å gjøre i sommerferien? Alle er bortreist og får seg vitamin D fra sola, vi benkene strekker oss i ledda litt, hviler treverket. Må dere plassere de svarte rompene deres på oss og bli i flere timer mens dere klager over det jævla loser-livet deres?» (Sharif, 2021, s. 11–12).

Mahmoud sitt mål er å «erobre» Oslo, men gjennom denne besjelinga av benkane får lesaren eit inntrykk av kor låst han faktisk i nabolaget sitt. Han føler ikkje at han kjem seg nokon stad. Dette blir også tydeleg når han skal «vise onkel Ji Noreg», som eigentleg betyr at han skal vise han Oslo. Mahmoud har eit avgrensa liv, med avgrensa ressursar, pengar og moglegheiter, og hans talemåte i romanen kan seiest å reflektere dette gjennom multietnolekta. Å bruke multietnolekt er ein måte å vise at ein høyrer til (Kvittingen, 2018), men moglegvis viser ein samtidig at ein *ikkje* høyrer til ein annan stad. Ved å tilhøyre det eine, må ein utelukke det andre? Dømet over viser også skilnaden på Mahmoud og etniske nordmenn – den eine er fast på austkanten ein heil sommar, medan den andre får reise vekk, oppleve nye ting og «får seg vitamin D frå sola». Dette skapar ein kontrast mellom dei to, der benken kan seiest å vere symbolet på både det som held hovudkarakteren fast heime, og samtidig det som ynskjer at han skal reise vekk derifrå.

Moglegvis skapast det eit skilje mellom dei to identitetane – nordmenn og innvandrar – gjennom multietnolekta, fordi det oppstår ein «andre», slik som blant anna Thompson skriv om (2011, s. 132). Sharif ville at språket skulle vere munnleg og lettleselig for ungdom (Ruud, 2020), men blir all den norske ungdomen inkludert i dette, når han har vald å bruke multietnolekt? Det er ikkje nødvendigvis like lett for ein 14-åring i Nord-Noreg å lese det «lette, munnlege» språket, som det er for ein 14-åring som er oppvaksen på austkanten i Oslo. Gjennom språket skapast det ei splid mellom dei to hypotetiske identitetane; born med innvandrarbakgrunn som kjenner seg att i både situasjonar og i korleis språket er skrive, og born som ikkje opplev å føle noko gjenkjenning i romanen. Det vekker spørsmålet om ein alltid må å vere lik karakterane i ein roman for at det ikkje skal oppstå ein «andre»? Er det *nødvendig* å kjenne seg heilt igjen med alle for å like romanen?

3.2.2 Multietnolekt, namn og arbeidsmoglegheiter

Som sett i kapittel 3.1.2, viser Svendsen gjennom sine undersøkingar at ein brukar av multietnolekt kan ha vanskelegare for å få seg jobb, moglegvis grunna fordommar, manglande kunnskap om minoritetsungdom eller mangel på kvalifikasjonar (2014, s. 48). Dette er også eit tema som Sharif tek opp i *HØR HER' A!*. Til dømes står Mahmoud og Enøyde Arif utanfor blokka i byrjinga av sommarferien, og Arif tek opp at han har lyst til å søke på sommarjobb (Sharif, 2021, s. 19–20). I samtalen kallar dei kvarandre både «brur», «skække, løe, løeste Abdi» og «jævla stanerpakkis» (Sharif, 2021, s. 19). I multietnolektisk talemål blir «brur» ofte brukt som eit kallenamn i positiv forstand mellom vennar, «skækk» kan bety treig eller sløv (*Skækk*, u.å.). «Lø» er ein måte å kalle noko eller nokon for teit eller gal («Lø», u.å.), og

«stanerpakkis» er Arif sin måte å seie at Mahmoud kjem frå Pakistan. Ut i frå konteksten kan ein anta at det ikkje er meint med vonde intensjonar: «-Din jævla stanerpakkis! Hvordan skal man skrive best mulig søknad og oppføre seg på intervju, brur? Fortell, da, du er en smart mann!» (Sharif, 2021, s. 19–20). Det kan verke for lesaren som at Arif ser opp til Mahmoud, han er meir vellukka og har større framtidsutsikter, kanskje også moglegheita til å kome seg vekk frå Oslo sin austkant; «Arif ser spent bort på meg som som jeg har løsningen på alle verdens gåter, i hvert fall den for å få seg jobb.» (Sharif, 2021, s. 20).

Mahmoud gir Arif råd om å endre sin identitet og personlegdom for å vere likare nordmenn, då det gir han større sjanse til å få seg jobb:

- Bærur, hør, lek norsk nordmann. Snakk som gååra, skjønner du? Ikke bruk ord fra gata, ok? Snakk som en Olav eller en Preben, eller enda bedre, som en Axel. Ha flyt, ha flow. Norske nordmenn skal tro at du er norsk nordmann, men med feil farge, han må få et intrykk av at du er adoptert, brur. Du må vise du er hardtarbeidende, eller de vil tro med en gang du får første lønna du tar ut sånn sykmelding, for det er i blodet ditt! Latskap du vet. Du er jo første somalieren som vil jobbe selv, Erna Solberg burde dele ut marsipankake på Stortinget, brur! (Sharif, 2021, s. 20).

I denne tordentalen prøver Sharif å vise lesaren vanskaner ved å få seg jobb med utanlandsk bakgrunn. Hovudpoenget til Mahmoud er *ikkje ver deg sjølv, ver så norsk som det er mogleg å vere*. For han betyr det å vere norsk, i denne samanhengen, å «ikkje bruke ord frå gata», altså snakke fint og skikkeleg med flyt, slik som etnisk norske ungdommar, og arbeide hardt for å vise at du er forplikta til jobben. Sharif sett opp ei direkte samanlikning mellom nordmenn som arbeider hardt og står i jobben, og somaliarar som «ikkje vil» jobbe og er late. Helland diskuterte om minoritetsungdom sine vanskar med å få seg jobb kan skuldast rasisme, både direkte frå arbeidsgjevar og som ein gjennomgåande trend i det norske samfunnet (2015, s. 140). I dette dømet kan Mahmoud sjølv vere ein representasjon av den samfunnsmessige rasismen som pregar jobbmarknaden for menneskje med ulike etnisitetar. Mahmoud kan seiast å ha lært dette frå å leve i det norske samfunnet heile sitt liv, og samtidig vere vitne til kva som trengst for å lukkast i arbeid. Samtidig kan lesaren spørje seg sjølv om han ikkje burde gå imot dette fenomenet eller «trenden», og heller oppmode Arif til å søke som seg sjølv og vise kven han er. Mahmoud kan seiast å vere ein person som er relativt opplyst om ulikskapane på menneskja i livet sitt, det er i alle fall noko han prøver å vere, så moglegvis innser han at Arif må tilpasse seg for å passe inn i det norske samfunnet og dei norske verdiane, der ei bedrift kan gå under for å tilsette folk som han (Helland, 2015, s. 140).

I Bente Ailin Svendsen sin «Kebabnorskdebatten» vart ungdomen sin språklege praksis framstilt som «dårleg norsk», avvikande og uforståeleg, i motsetnad til det standardiserte og «reine» norske språket (2014, s. 35). Dette tydeleggjerast også i *HØR HER'A!* gjennom påstandar som «Ikke bruk ord fra gata, ok?» (Sharif, 2021, s. 20), for då er det mindre sannsynleg å få ein jobb. Hierarkiet mellom norsk og multietnolekt, der den sistnemnde ligg nedst på rangstigen, kan knytast til problem sosialt, i utdanningssituasjonar og i arbeidslivet (Svendsen, 2014, s. 35). Når Mahmoud fantaserer om at Erna Solberg og Siv Jensen sit på Stortinget og er redd for at born med utanlandsk bakgrunn kjem til å ta over landet, drøyer han om å lage nye namn på byane som finst i hans avgrensa liv og omkrins: «Se for deg Asker bytter navn til Askerbadsjan, Bærum blir til Bæhhhrum, brur. Bæhhhhhrum. Skjønner du, bruh?» (Sharif, 2021, s. 11).

Menneskje med innvandrarbakgrunn kan ha vanskar med å få seg jobb (Svendsen, 2014, s. 48), men dette har Sharif skrive ei potensiell løysing på:

Love deg, jeg vurderer å bytte navn noen ganger. Jeg bør heller kalle meg Jørn eller Bjørn, og si at jeg er adoptert fra India, Bangladesh eller Iran. For man må lure nordmennene litt, for å overleve må du fortelle dem historier som ryster dem i sjela inni dem, skjønner du? Vekket mennesket i dem så mye at de får lyst til å ta deg med hjem og lage varm kakao til deg, brur, og smøre to brødkiver med gulost eller hvitost og paprika eller agurk! (Sharif, 2021, s. 20–21)

Medan dei ungdomane med minoritetsbakgrunn slit og strevar med å få seg jobb grunna fordommar og diskriminering, kan moglegvis det heile løysast ved å bytte namn og spele på kjenslene til dei etnisk norske nordmennene slik at dei synast synd i deg. *Eller*, medan dei etnisk norske ungdommane får jobbar utan problem, må ungdommar som Mahmoud lage planar, prøve å spele på kjensler og tenke framover på korleis han vil unngå å setje sine framtidige born i den same situasjonen han finn seg i. Han konkluderer med at hans born skal ha namn frå koranen, toraen eller bibelen, som til dømes «Jakob, Mikail, Gabriel eller Daniel», og ikkje noko som kan definere hans potensielle avkom som muslimsk eller vise at hen er brun i huda (Sharif, 2021, s. 21). Her reflekterer Mahmoud rundt eigen identitet og kultur, kva som gjer at han ikkje «passar inn» i den norske, og tek eit val om å gje avkall på delar av den pakistanske identiteten, kulturen og samfunnet for å skape mindre problem for framtidige generasjonar. Det kan opplevast trist for lesaren at Mahmoud må gå til slike lengder for å få seg ein jobb i Noreg, og at dette kan vere noko som opptek ungdom med minoritetsbakgrunn, medan etnisk norske ungdom ikkje gir det ein tanke. Dette skapar eit

skilje mellom dei to gruppene, der den eine opplev betydeleg meir ansvar, fordømmar og diskriminering enn den andre.

3.2.3 Verbal, rytme og ukonvensjonell setningsoppbygging

HØR HER'A! kan på dei aller fleste punkt seiast å vere ein ikkje-kompleks roman; den har ei føreseieleg oppbygging, hendingane er kronologiske og skjer i løpet av éin enkelt sommar, og historia er alltid fortald i 1.personsperspektiv frå hovudkarakteren Mahmoud. Der romanen derimot kan seiast å vere kompleks er gjennom språket. Thunes Jensen skriv at lesaren av og til kan møte på eit språk som er *avautomatisert*: «et språk som tvinger oss lesere vekk frå en automatisk oppfatning av ordenes betydning. Språket byr på motstand, vi må stoppe opp og tenke oss om for å forsøke å forstå hva som menes.» (2018, s. 91). Denne avautomatiseringa kan opplevast i *HØR HER'A!*, kanskje spesielt for dei lesarane som ikkje nyttar eller har eit personleg forhold til multietnolekt. Gjennom å ta orda ut av sine vante samanhengar oppstår det nye assosiasjonar og språklege bilete for lesaren (Thunes Jensen, 2018, s. 91–92). Klang, rytme og ukonvensjonell setningsoppbygging (Thunes Jensen, 2018, s. 92) er alle døme på språkleg kompleksitet ein kan finne i *HØR HER'A!*.

Sharif seier sjølv at språket og tempoet i romanen representerer kor energisk og engasjert han er som forfattar og person (Ruud, 2020), og det har den same effekten for Mahmoud. Han får adoptere Sharif sin energi gjennom det munnlege preget på språket. Aarsæther trekk fram at V2-regelen ofte er broten i multietnolekt (2010, s. 112), noko som er gjennomgåande også i *HØR HER'A!*. V2-regelen inneber at verbalet står på andre plass i hovudsetninga som ein finitt verbal. Sharif har bevisst valt å bytte plass på verbalet for å skape ei autentisk multietnolekt. Til dømes kan ein finne det på side 94: «Også **man må** ta hormonbehandling, så man ikke får guttestemme.» og på side 51: «Jeg lover deg, i Pakistan **du har** lyst til å finne skygge hele tida, gjemme deg for sola» (Sharif, 2021) [mine uthevingar]. Dette demonstrerer at verbalet står på feil plass og setningane er teknisk sett grammatisk feil, noko som gjer at ein får inntrykk av at det er nokon som pratar, i staden for nokon som skriv historia til Mahmoud.

Det munnlege språket blir forsterka av setningar som «Bro, vi tar all filosofi etter hvert, gutten er baby, jo, liksom, jeg husker når jeg var ti år, as, jeg visste ikke om så mye.» (Sharif, 2021, s. 58) og «Jeg viser han Skrik på Google, i høyopløsning, brur, rett utafør Munchmuseet! Penger spart! Skjønner du?» (Sharif, 2021, s. 63). Dette viser til rytmen som Aarsæther skriv om som ein viktig del av multietnolekt (2010, s. 112). Dei korte, oppstykkete setningane gir lesaren ei anna leseoppleving. Nokre må moglegvis også jobbe meir i sjølvle leseprosessen, då det kan krevje meir innsats for å forstå og tolke undervegs, slik som Thunes Jensen skriv om i

komplekse ungdomsromanar (2018, s. 85). Dette gjeld spesielt for dei som ikkje nyttar multietnolekt sjølv i kvardagen og som ikkje er personleg kjende med sosiolekta.

I *HØR HER 'A!* kan ein også sjå døme på at Sharif har skilt korleis han skriv multietnolekta til menneskje med ulike bakgrunnar på ulike måtar. Mora til enøyde Arif er frå Somalia og når Mahmoud gjenfortel korleis ho trøysta Arif etter at ho kasta eit CD-cover på det eine auget hans og gjorde han blind, ser det slik ut:

Deh går brææhhh, Arif. Jeg har åtte andre barn, de kan seh. Hva så om du ikke kan seh med det ehne øyet? Vi har NÆV, de kan hjelpe deg med penger. Norgeh hjelper de som ikke kan seh. Hvis du mister beggeh øya, da jeg og din fahr lager en til, ikke bråblem! (Sharif, 2021, s. 17).

Her er det viktig at ho ikkje nødvendigvis høyrast akkurat slik ut, men det er slik Mahmoud høyrer ho og vel å gjenfortelle dialekta hennar i si eiga historie. Likevel er det interessant å sjå korleis lesaren kan få eit inntrykk av at Mahmoud og mora til Arif er frå to ulike stadar, berre ved hjelp av korleis talen deira blir nedskriven. Som Thacker fokuserte på, er geografi ei aktiv makt i litteraturen som er med på å forme inntrykket og opplevinga lesaren får (2017, s. 30).

3.3 Oppsummering

I dette kapittelet har eg undersøkt korleis språket kan seie lesaren noko om identiteten til både hovudkarakteren sjølv, men også menneskja rundt. Sharif har vektlagt at språket skal vere munnleg, lett å lese og så nært ekte multietnolekt som mogleg (Ruud, 2020), noko som har resultert i Mahmoud sin særeigne formidlingsmåte. Hovudkarakteren er frå austkanten i Oslo, men drøymmer om å erobre hovudstaden. Han har ambisjonar og mål for seg sjølv, moglegvis blir dette oppfylt gjennom ei universitetsutdanning?

Eg diskuterte Helland sin påstand om at minoritetsungdom har store vanskar med å få seg jobb (2015, s. 140) i samanheng med ein samtale mellom Mahmoud og enøyde Arif. Den fyrstnemnde råda kompisen både til å bytte namn og til å oppføre seg «meir norsk» i ein intervjusetting. Helland lurte på om vanskane ungdom har med å få seg jobb kan skuldast rasisme, både direkte frå arbeidsgjevar og som ein gjennomgåande trend i det norske samfunnet (2015, s. 140).

Det vart også gjennomgått både haldningane til, og nokre av dei grammatiske kjenneteikna for, multietnolekt. Eg landa på at omgrepet har vore gjennom ein lang prosess, der nokre no meiner at det er verdi-nøytralt, medan andre framleis ser på det som negativt ladd. Elles sett såg vi at språket er avautomatisert, ifølgje Thunes Jensen (2018, s. 91). Det vil seie at det byr

på motstand, dei aller fleste av oss må stoppe og tenkje før vi tolkar teksten. Det vart også diskutert rytme, klang, ordstilling og V2-regelen i multietnolekt.

4.0 Å uttrykke identitet gjennom humor

Som etablert tidlegare i oppgåva, har Sharif valt å bruke humor som eit verkemiddel i *HØR HER'A!*. I dette kapittelet skal eg sjå på kva *humor* som eit fenomen inneber, kva vil det seie å vere morosam? Kva finn vi morosamt, og er det likt for alle menneskje? Eg skal også undersøke nokre moglege grunnar til at Sharif kan ha vald å bruke dette verkemiddelet i sin roman, og kva effekt dette kan ha. Kapittelet vil skiljast i to hovuddelar: fyrst vil teori rundt humor presenterast, blant anna skriven av Lidia Sciama, Kerry Mallan og Markus Gaupås Johansen, før humor brukt i *HØR HER'A!* blir analysert og drøfta i del 4.2, i ljøs av teorien.

4.1 Teori

4.1.1 Kva er humor?

Humor er eit fenomen som vi alle er kjende med og har eit forhold til, men som likevel kan vere vanskeleg å definere. I daglegtalen brukar vi ofte omgrep som det å vere morosam, artig eller komisk. Det forbindast gjerne med til dømes vitsar, anekdotar, tekst eller ulike typar media og underhaldning, og *kan* finnast i samanheng med latter. I introduksjonen til boka *Humour, Comedy and Laughter* skriv Lidia Dina Sciama at latter og humor ofte oppstår saman, men treng ikkje å vere gjensidig avhengig av kvarandre: «there can be humour without laughter, and conversely much laughter can be quite humourless.» (2016, s. 2). Sciama definerar «humor» som «mood, temper, feeling» (2016, s. 2) - altså humør eller stemning, temperament og kjensle. Vidare skriv ho at humor kan definerast som «a message whose ingenuity or verbal skills or incongruity has the power to evoke laughter» (Sciama, 2016, s. 2). Her kjem latter igjen fram som eit viktig aspekt, samt forståinga av humor som ein form for kommunikasjon. Ein smilar og flirar oftare i situasjonar ein er komfortabel, som til dømes med venar; det er ein måte å formidle sosiale signal som har ein funksjon og eit formål til dei rundt oss (Sciama, 2016, s. 2) Sciama siterar nevropsykologen R.A. Provine når ho skildrar «latter» som eit teikn på behag som viser at ein er komfortabel i ein leiken situasjon, der formålet er å regulere og forsterke sosiale interaksjonar (2016, s. 2). Latteren er også universell (Sciama, 2016, s. 2), så den kan bli forstått av menneske på tvers av landegrenser og på tross av språkbarrierar, aldersspenn eller andre hindringar.

I kapittelet omtalar ho blant anna teoriar om humoren si utvikling over tid, som til dømes antropologen Gregory Bateson si forskning på 1950-talet, der han framheva humor som ein form for kommunikasjon, både med eksplisitt og implisitt meining frå sendar til mottakar (Sciama, 2016, s. 5). Han meinte at vi er ignorante til verdien av bandet mellom *latter* og

humor, og brukte dei to omgrepa om kvarandre fordi han meinte at dei er så nært knytt (Sciama, 2016, s. 5). Sciama trekk fram Mary Douglas sine essay frå 1970-talet; ho såg på humor som ei frigjering frå avgrensingane og formalitetane ein måtte rette seg etter i sosiale settingar (2016, s. 5–6). Dette verka som ein kontrast til Bateson, som var oppteken av logikk, reglar og menneskeleg natur i forbinding med humor (Sciama, 2016, s. 5–6). Douglas meinte at humor førte med seg ein form for energi og motstand frå underbevisstheita mot bevisstheita og dei sette reglane ein *burde* følgje, det er eit «angrep på kontrollen» (Sciama, 2016, s. 7).

I boka *Hva er humor* (2020) prøver Markus Gaupås Johansen å definere omgrepet, og samtidig gje ei innsikt i kva psykologisk funksjon humor har i livet til menneske i ulike land. Han skriv at humor har ei kopling til sinnsstemning og inneber ein eigen måte å tolke verda på (Johansen, 2020, s. 19). Det vil seie at den kan gje oss nye sider av situasjonar som moglegvis elles hadde vore til dømes triste eller kjedelege.

Å ha ein humoristisk sans er ein kognitiv ferdigheit som inneber «both a capacity to understand a joke or comical event and a capacity to communicate a sense of amusement by some original, unexpected, or ironic observation, parody, bodily expression or turn of phrase» (Sciama, 2016, s. 8). Det vil seie at humor er ein todelt prosess; 1. Ein må ha intelligens og kunnskap nok til å forstå vitsar og andre komiske hendingar som skjer, 2. for å produsere forsøk på humor sjølv må ein vere kognitiv oppegående nok til å kome med originale observasjonar. Humor kan forsterke, utvide og fordjupe menneskeleg forståing, fordi den tilet oss å observere situasjonar frå meir enn eitt perspektiv, og på same tid opnar den opp for det ukjende og uvisse (Hsu, 2016, s. 58). Også Johansen trekk fram at humor krev kognitive ferdigheiter, til dømes medan han siterer litteraturvitar Sophia McClennen som argumenterer for at den kan skjerpe evna til kritisk tenking (2020, s. 112). Humor nyttar i stor grad avanserte språklege verkemiddel som ironi, sarkasme og ordspel, noko som gjer at det er koda informasjon som mottakaren må avkode og tolke (Johansen, 2020, s. 112). Mottakaren må vere påkopla, og ha tilstrekkelege kognitive og sosiale ferdigheiter for å avkode forsøk på humor. Dette kan gjere verkemiddelet uopnåeleg og for avansert for nokre. Johansen skriv om bruk av humor i politikken: «Humor er altså en form for kritikk som tvinger leseren til å være kritisk til måten kritikken blir framsatt på. Slik øver man opp et kritisk blikk ved å lese politisk humor eller ved å skape den» (2020, s. 112) – ikkje ei lita oppgåve å krevje av lesaren.

4.1.2 Humor – avhengig av kultur, relasjon og alder

I *Laugh Lines* definerer Kerry Mallan et å «ha ein humoristisk sans» som det å vere klar til å flire, smile og setje pris på humor (1993, s. 7). Ho meiner at humor har evna til å tilpasse seg i svært stor grad, frå den eine konteksten til den andre, frå ein person til ein anna (Mallan, 1993, s. 8). Det inneber også at den utviklar seg saman med oss når vi veks opp. Eit barn synast ikkje nødvendigvis at det same er morosamt som ein vaksen gjer, sjølv om nokre ting har «universal comic appeal» (Mallan, 1993, s. 8), altså treff «alle» komisk. Mallan skriv at unge born har stor interesse av språk, og finn mykje glede i korleis det fungerer (Mallan, 1993, s. 8). Det er tydeleg gjennom til dømes rim, rytme, regle og song i takt. Eldre born, som tenåringsar, har glede av eit meir komplisert språk, som til dømes ordspel, gåter og vitsar, gjerne gjennom eit ekkelt eller uanstendig ordval (Mallan, 1993, s. 8). Dette er ein del av deira sosiale spel og ein måte å skape aksept mellom likemenn (Mallan, 1993, s. 8). Mallan lister opp ei rekke tema som forskning viser at born og ungdom generelt synast er morosamt: overdriving, menneskje i kniper, overraskingar, latterleggjering, slapstick, trass eller motstand, verbal humor og usemje (1993, s. 9).

Eit av kriteria for å skjønne humor, er at ein forstår dei kulturelle referansane, noko som kan vere eit problem når ein skriv for ungdom (Mallan, 1993, s. 13). Deira referansespekter kan framleis vere relativt snevert, noko som gjer at dei ikkje skjønar alt som er meint som morosamt. I tillegg kan dei ha ein avgrensa kjennskap til andre menneskje og deira kulturar, som hindrar dei i å skjønne moglege forsøk på humor.

Johansen skriv at «*hva* komikeren undersøker fra sitt skakke perspektiv er selvfølgelig relevant, men det er *perspektivet* som skaper humoren» (2020, s. 8). Inngangen og bakgrunnen til humoren er altså minst like relevant som det som er morosamt i seg sjølv. Sosiolog Christie Davies skriv om omgrepet «ethnic jokes», altså *etniske vitsar*, som han definerer som vitsar fortalt om etniske grupper sine eigenskapar, kjenneteikn eller mønster (1996, s. 1). Omgrepet *etnisk* bruker han om ei gruppe menneskje som har ein felles kulturell tradisjon, ein felles bakgrunn og opprinelse og ein særeigen identitet (Davies, 1996, s. 1). Davies vektlegg at til tross for at etnisitet ofte blir basert på felles bakgrunn, kan ein i fellesskap eller aleine velje å endre identiteten sin, ofte som eit resultat av til dømes migrasjon, integrering, ekteskap eller liknande (Davies, 1996, s. 1).

Davies skriv at

Jokes can of course be used to make a particular point, either overtly or covertly [...], or to manipulate a social situation; but it is impossible to explain the overall patterns of jokes that exist

by studying and aggregating the ways in which a given joke is used in particular social contexts, partly because of the sheer variety of different uses which ingenious human beings can find for a joke and partly because most joke-telling is done as a performance which is an end in itself and the joke is a welcome release from serious telic world of goals and means. (Davies, 1996, s. 3)

Davies formidlar her at vitsar har mange formål, det kan vere å uttrykke eit poeng, både i skjul og openbart, eller det kan vere å påverke den sosiale situasjonen som finn stad.

Hovudpoenget hans er likevel at det er svært vanskeleg å tolke vitsar ut ifrå sosial kontekst, fordi dei blir som regel fortald som ei framsyning, der ein vil imponere eller få merksemd.

Ifølgje Davies er denne framsyninga ein vits i seg sjølv (Davies, 1996, s. 3).

Vidare skriv han

Equally, it is not possible to move in the other direction and to deduce from the content alone of a particular joke the motives and feelings of those who share it, for these can only be discovered [...] by a combination of direct observation of the way and the context in which the joke is told and the collection of a good deal of other independent data concerning the individuals involved and the relationships between them (Davies, 1996, s. 3–4)

Det vil seie at konteksten som ein vits blir fortald i er heilt essensiell for å skjønne motivet og kjenslene til sendaren. I tillegg, er informasjon om personen og relasjonen hen har til den/dei som er mottakar av vitsen svært viktig for å kunne seie noko om formålet bak vitsen.

4.2 Analyse og drøfing av *HØR HER'A!*

4.2.1 Kvifor kan Sharif ha valt å bruke humor?

Som tidlegare nemnt, er *HØR HER'A!* eit døme på kompleks språkbruk, fordi språket er avautomatisert (Thunes Jensen, 2018, s. 91). Multietnolekta gjer at ein stor del av lesarane må avkode språket medan dei les. På same måte involverer det å bruke humor i tekst avanserte språklege verkemiddel, som til dømes ironi og sarkasme (Johansen, 2020, s. 112), i tillegg til at ein ofte må lese mellom linjene for å skjønne den eigentlege meininga. Johansen skriv at også humoren bidreg til at lesaren må avkode og tolke informasjonen som ein les (2020, s. 112). Det vil seie at humor og multietnolekt har mange av dei same effektane for romanen; den blir meir komplisert og moglegvis meir krevjande for ungdom å lese. Samtidig er dette også val Sharif har teke som bidreg til eit utbrodert, interessant språk som kan halde lesaren engasjert gjennom heile historia. Å bruke humor, språkelege bilete og eit komplekst språk generelt kan gjere den totale opplevinga betre og meir spennande for lesaren. Dei kognitive ferdigheitene er meir utvikla om ein klarer å lese og skjønne humor i skjønnlitteratur (Johansen, 2020, s. 112). Det er difor ei god trening for ungdommen, som oppgåva har diskutert

i kapittel 1.4 er ein av hovudmålgruppa til Sharif sin *HØR HER 'A!*, å lese skjønnlitteratur med humoristisk preg i seg.

Latter er eit universalt uttrykk med formål i å regulere og forsterke sosiale situasjonar (Sciama, 2016, s. 2), noko som vil seie at den kan fungere som eit bindeledd mellom menneskje av ulike bakgrunnar, etnisitetar og kulturar. Sjølv om at ein ikkje deler det same språket, betyr ikkje det at ein ikkje kan dele same type humoristiske sans. Johansen skriv at «*hva komikeren undersøker fra sitt skakke perspektiv er selvfølgelig relevant, men det er perspektivet som skaper humoren*» (2020, s. 8). Det er svært relevant for Sharif, som skriv om ein hovudkarakter som har foreldre med innvandrarbakgrunn frå Pakistan når han sjølv er born av innvandrare frå det same landet. I *HØR HER 'A!* bruker Sharif humor for å seie noko om kven Mahmoud er, kva som utgjer dei andre innvandrarane i nabolaget sine identitetar, kva som utgjer den norske identiteten, og korleis dei alle går saman i eit felles samfunn. Til dømes

Kanskje blir dette mogleggjort nettopp fordi Sharif har det perspektivet og den bakgrunnen han har.

Lesaren kunne vore meir i tvil om autentisiteten i Mahmoud si historie om forfattaren var ein etnisk norsk nordmann som ikkje hadde levd ei parallell oppleving. På den andre sida kan ein spørje seg sjølv om ein godtek for mykje av handlinga, tankane og kjenslene til Mahmoud som realistiske og truverdige, når ein har kjennskap til perspektivet som Sharif bringer til historia. Ordvalet og språket Sharif har vald kan seiast å tidvis vere på kanten til upassande, avhengig av utgangspunktet lesaren sjølv bringer med seg til historia, til tross for at det er maskert med eit lag av humor. På side 52-53 fortel Mahmoud om ein gong då han var yngre og ynskja å vinne ein Playstation 3 i eit Donald Duck-blad, så han gjekk til moskeen og bad til Gud om det, før han fann ut at det ikkje nytta:

Det jævla tisjar Donald Duck-bladet var fra fire år tilbake, bærur, sverger jeg rulla den og rulla den til den ble så hardt som jernstang og slo meg sjæl i brystet flere ganger sånn som shiamuslimer slår seg sjølv på brystet når de har sånn hellig dag. (Sharif, 2021, s. 53)

Her kommenterer Sharif skikkane til Sjia-muslimar gjennom ei scene som utvendig er skriven med humor frå Mahmoud sitt perspektiv, men som lenger inne seier noko om hans syn på gruppa av menneskje. Kan dette seiast å vere greitt fordi det er eit humoristisk preg over det, eller fordi Mahmoud sjølv er muslim? Eller er det ikkje ein grei måte å omtale andre religionar på i det heile teke? På den eine sida burde ein ha respekt for andre og deira skikkar,

men på den andre er humor og latteren den bringer eit teikn på at ein er komfortabel i ein situasjon (Sciama, 2016, s. 2), ein meiner ikkje nødvendigvis noko vondt. Mahmoud kommenterer og vitsar også med eigen religion og skikkane i den, til dømes gjennom ordval som «tæææt» og «svartingunge»:

Brur, du aner ikke hvor skuffa og lei meg jeg var, as, jeg pleide å vaske meg for bønn, ta på rene pakistanske klær, holde bønnenelke i hånda, hadde tæææt bønnelue på hodet, alt var perfekt, jeg ba og ba, tenkte nå jeg i hvert fall vinner Playstation 3 med to spill, det er jo drømmen, endelig en svartingunge som vinner noe i Donald Duck-blad over norske nordmenn-barn. Men nei, sånn er livet, jeg vant ikke noe. (Sharif, 2021, s. 53).

Davies meiner at relasjonen mellom sendar og mottakar av humoristisk innhald er viktig å undersøke for å kunne vite noko om formålet med vitsane (1996, s. 3–4). Som allereie etablert, er både forfattar Sharif og hovudkarakter Mahmoud av pakistansk opphav. Som vi har sett på tidlegare, tydeleggjerast det i romanen at det er hovudkarakteren sjølv som «skriv» til lesaren:

Hør her'a! Grunnen til at jeg skriver denne boka er fordi norske nordmenn digger sånt. De elsker at en utlending muligens litt undertrykket og uslepen diamant sitter og skriver en bok eller to. Om hvordan det 'egentlig' er å være svarting, om alle arrener, om all smerten, alle vanskelighetene. Du vet, fordi de tør ikke å snakke så mye med oss. (Sharif, 2021, s. 30).

Sharif opnar her med tittelen på romanen, «Hør her, a!». Både i akkurat dette dømet og generelt i romanen kan tittelen ha ein funksjon: den søker merksemd frå lesaren. Mahmoud blir sett i spotlighten, «høyr på meg, eg har noko viktig eg vil seie!», og det gjer han gjennom å fortelje si historie med humor og komisk preg. Kontrasten blir stor mellom «norske nordmenn» som elsker å sjå utlendingar som ein «undertrykka og uslepen diamant» som skal fortelje si historie gjennom ein roman. Det blir framstilt som at etniske nordmenn søker nokon som er under dei på rangstigen som har skriva om sitt triste, grusame, forferdelege og mislukka liv. Då kan nordmenn lese og føle seg ovanpå, kose seg trygt bak dørene på dei kvitmala heimane sine, der dei slepp å kome i kontakt med «dei andre», men kan godte seg med kor godt dei har det sjølv. Sharif skriv at «Du vet, fordi de tør ikkje å snakke så mye med oss.» (2021, s. 30). Sjølv gjennom ein kontrast som kjennast ganske humoristisk og overdreven, kan ein kjenne på alvoret i denne siste setninga. Det skapast ei splid mellom dei to gruppene, der den eine er overlegen den andre, vil berre sjå og ver fascinert på avstand, medan den andre vil i større grad oppnå kontakt. Som til dømes at Mahmoud ynskjer seg vekk frå Austkanten og til universitetet.

4.2.2 Resultatet av humor i *HØR HER'A!*

I forbindelse med Uprisen skreiv Teo frå DaVinci Montessori ungdomsskole denne bokomtala:

Jeg liker denne boken veldig godt fordi den har en fin blanding av humor og spenning. Den er spennende fordi den tar for seg mange seriøse tema. Boken har en litt rar form for humor på begynnelsen, mye av den er enten mørk, eller bare rar. Men det er bare for å balansere ting, for på slutten av boken begynner ting å bli veldig, veldig, spennende. (*Hør her'a!*, u.å.c).

Tina Pham på Kruseløkka ungdomsskole skreiv:

Jeg synes boka er gøy og bra skrevet. Starten av boka synes jeg nok er den morsomste delen. Den var veldig spennende og artig når vi leste høyt med klassen, men etter hvert som vi begynte å lese for oss selv ble det litt kjedeligere å lese. (*Hør her'a!*, u.å.c).

Desse omtalane underbygg argumentet om at ungdom både *les* og *liker* Sharif sin roman. Ord som «humor», «spenning» og «artig» blir trekt fram. Det er også interessant å merke seg at den fyrstnemnde ungdomen påpeikte at humoren i romanen kunne bli oppfatta som «mørk» eller «bare rar». På same måte som desse ungdomane, trakk Mallan fram det å bruke eit ekkelt eller uanstendig ordval som eitt av punkta forskning viser at ungdom liker humoristisk sett (1993, s. 8). Den fyrste ungdomen, Teo, skriv at humoren er eit verktøy for å «å balansere ting», for etter kvart blir boka svært spanande (*Hør her'a!*, u.å.c). Det at humoren kan bidra til å skape spenning i romanen er eit svært interessant perspektiv som han har merka seg. På den andre sida, trekk Tina fram at høgtlesinga var nøkkelen for hennar engasjement i romanen (*Hør her'a!*, u.å.c). Utan meir informasjon kan ein spekulere i om dette handlar om at romanen er skriven med multietnolekt, så språket har eit munnleg preg, og kan difor gjere seg svært godt munnleg. Moglegvis skuldast det at smiling og fliring er ein måte å formidle sosiale signal til andre menneskje (Sciama, 2016, s. 2), så det er mindre verknadsfullt aleine? Sharif skapar ei samanlikning mellom etniske norske og muslimar i ei humoristisk framstilling av noko som eigentleg er eit alvorleg og trist tema, nemleg at han, og andre born, vart slått på det som var ei blanding av urdu- og koranskule: «Imamen pleide å whoppe til oss med sånn lang trestokk, jeg husker det godt, as. Det var ikke mye barnevern i Oslo da, tror jeg, hvis det var noen, så sov de» (Sharif, 2021, s. 56). Han slo ikkje dei, han «whoppa», som tyder det same. Det er tydeleg for lesaren at dette har satt spor i Mahmoud, til tross for at han skriv om det på ein relativt munter måte. Dette kan seiast å vere eit døme på etnisk humor, altså ei gruppe menneskje som har ein felles kulturell tradisjon og ein særeigen identitet (Davies, 1996, s. 1), og difor har eit felles grunnlag for å skjønne den same humoren. Som Mallan skriv, er eit av kriteria for å skjønne humor at ein forstår dei same kulturelle referansane (1993, s. 13). I denne samanhengen kan ungdom med etnisk norsk bakgrunn ha vanskar for å setje seg inn i situasjonen på urdu- og koranskulen, der elevane vart satt i ulike

posisjonar av imamen for å kunne slå dei (Sharif, 2021, s. 56). Moglegvis har Sharif forutsett dette problemet, fordi vidare prøver han å treffe nordmenn:

Norske nordmenn gjør yoga og sånn pilates og betaler med masse dyr cash, jeg tenker at det er bare å komme til imam og finne på kaos, han vil gi dere masse yoga pluss pilates, brur, gratis! Han vil lære dere alle stillinger, hane, høne, mus, katt, hund, ku, solhilsen, månehilsen, marshilsen, alt. Hva dere vil. Bare bli muslimer og kom på besøk, imamen venter. (Sharif, 2021, s. 56).

Gjennom å trekke ein parallell mellom born som blir slått i heilage hus, og nordmenn som betalar i dyre dommar for å trene og lære seg ulike posisjonar i yoga og pilates, har Sharif lukkast med å skape både ein humoristisk situasjon, og samtidig vekt ettertanke hos lesaren. Latterleggjering er eitt av punkta som ungdom synast er morosamt (Mallan, 1993, s. 9), og her blir nordmenn latterleggjort som overflatiske og sjølvopptekne, medan muslimske born blir slått. Mellom linjene kan ein lese ein variant av *kvifor er de oppteken av yogastillingar med idiotiske namn, medan eg er i denne vanskelege situasjonen?* Mahmoud tenkjer enno på det som skjedde, så det kan tydelegvis ikkje ha vore utan konsekvens for borna i undervisinga. Heile situasjonen og slik den er skriven, som til dømes «[...] alle stillinger, hane, høne, mus, katt, [...]» (Sharif, 2021, s. 56), formidlar eit alvorleg tema gjennom bruk av humoristiske grep som fengar lesaren. Humor kan forsterke, utvide og fordjupe menneskeleg forståing, fordi den tilet oss å observere situasjonar frå meir enn eitt perspektiv, og på same tid opnar den opp for det ukjende og uvisse (Hsu, 2016, s. 58)

4.3 Oppsummering

I dette kapittelet har eg sett på korleis Sharif har brukt humor bevisst som eit verkemiddel gjennom heile romanen. Viktigast for meg er kva denne humoren kan seie oss om menneskja som er involvert, deira relasjonar seg i mellom og korleis humoren kan kjenneteikne dei. Eg har undersøkt *kva* som er morosamt – og for *kven* er akkurat det morosamt.

Johansen skriv at humor er i stor grad basert på perspektivet ein kjem frå (2020, s. 8), noko som er eit gjennomgåande tema i *HØR HER' A!*. Sharif har vald å bruke mykje humor, og han har eit unikt perspektiv som eit barn av innvandrarforeldre, som skriv om ein tenåring i akkurat same posisjon som han sjølv. Han har nytta dette perspektivet som ein inngang for å kommentere på både andre kulturar og grupper sin identitet, som til dømes gjennom tilbakeblikket der han drog Sjia-muslimane inn i sitt ynskje om å vinne ein Playstation, og han har nytta det for å kommentere på eigen idenitet, som når han fortsette å snakke om seg sjølv og korleis han takla dårleg det å ikkje vinne Playstationen. Humoren er i stor grad eit verktøy

for å skape samanlikning mellom dei ulike menneskja, deira verdiar, normer, tankar og levemåtar. Dette gjer ulikskapane svært tydelege, samtidig som at romanen blir underhaldande og fengande å lese undervegs.

5.0 Avslutning

I denne masteroppgåva har eg undersøkt problemstillinga *korleis blir identitetsprosjektet i HØR HER'A! formidla gjennom kulturmøte, språk og humor?* Eg byrja med å avklare kvifor «identitetsprosjektet» er relevant for romanen og kva det inneber i denne samanhengen. Eg meiner at identitet er den raude tråden i Gulraiz Sharif sin *HØR HER'A!* Romanen er skriven frå hovudkarakteren, Mahmoud, sitt perspektiv, og gjennom hans auge får lesaren lære om Mahmoud sin eigen identitet og korleis den har utvikla seg frå foreldra sin reint pakistanske, korleis den norske identiteten blir framstilt, kva som utgjer identiteten til dei ulike gruppene innvandrara, og korleis den endrar seg i møte med den norske. Korleis veit ein kva delar av den norske identiteten som passar best for ein sjølv, når ein kjem til eit nytt land som innvandrara? Dette er store spørsmål som lesaren får eit lite innblikk i gjennom Mahmoud si historie om sommarferien før vidaregåande skule.

Denne oppgåva var delt inn i tre inngangar som vart brukt for å undersøke temaet: kulturmøte, språk og humor. I den fyrstnemnde såg vi på klassereisa som Mahmoud utførde frå foreldra sin kultur, til å finne seg ein stad mellom den norske og den pakistanske identiteten. I tillegg skal han gå på vidaregåande, og har ambisjonar om å gå på universitetet, noko som skapar eit enda større skilje mellom dei to ytterpunkta. Dette tydeleggjerast i at han til dømes ser ned på foreldra og deira kultur, på same måte som han ser ned på andre med utanlandsk bakgrunn som ikkje oppfører seg slik han tenkjer er «korrekt». Mahmoud kan seiast å vere svært oppteken av rasisme som blir utøvd mot seg sjølv, men han ser ikkje at han sjølv er rasistisk mot andre rundt han. I samanhengen med kulturmøte og den norske identiteten i romanen kunne det vore svært interessant om Mahmoud faktisk hadde ein interaksjon med nordmenn. Sharif har skriva ein roman med svært mange skråblikk på etniske nordmenn, men hovudkarakteren har ikkje eitt einaste møte eller ein dialog med ein person som er fødd i Noreg. Det hadde vore spennande for meg å sett korleis dette hadde reflektert på Mahmoud. Hadde han blitt framstilt som meir pakistansk, når han gjennom romanen verka svært norsk, samanlikna med familien sin?

Det neste kapittelet i denne masteroppgåva handla om språket i *HØR HER'A!*. Språk er ein stor indikator for identitet, det har mykje å seie for korleis vi både føler oss innvendig, og samtidig korleis vi framstiller oss utvendig til andre. Multietnolekta, som eg har vald å kalle den, er skriven av Sharif på ein måte som skal vere personleg for Mahmoud. Det ser ein når til dømes når ein får høyre frå andre karakterar i boka, og deira multietnolekt er heilt annleis. Mahmoud og enøyde Arif snakkar om kor vanskeleg det er å få seg jobb med ein utanlandsk

bakgrunn, noko som forkinga støttar i røynda. Språket, det «kompliserte» eller «unike» namnet, haldningar og den samla personlegdomen og identiteten deira, er avgjerande faktorar som hindrar ungdomane i jobbsøkingprosessen. Det at Mahmoud si løysing er å bytte namn og oppføre seg som ein «norsk nordmann», verkar som eit naivt forslag frå Sharif si side. Likevel er det vanskeleg å seie imot, frå ei som *faktisk er* ein «norsk nordmann» og aldri har stått i denne situasjonen sjølv. Ein kan tenkje seg at Sharif (diverre) har erfaring med dette, og ville moglegvis spegle alderen og naiviteten til Mahmoud og Arif i deira samtale.

I det siste kapittelet i denne oppgåva undersøkte eg korleis Sharif brukte humor som eit verkemiddel gjennom *HØR HER'A!* Gjennom til dømes Lidia Dina Sciama har vi lært at humor kan definerast som «humør eller stemning, temperament og kjensle» (2016, s. 2). Markus Gaupås Johansen lærte oss at humor er nært knytt til sinnsstemning (2020, s. 19). Den kan *bli påverka av* og *påverke* humøret vårt. Eg undersøkte perspektivet som Mahmoud og dei andre karakterane kom ifrå i romanen, og kva det gjorde med humoren deira. Mahmoud har eit anna utgangspunkt, både for livet og for sin humoristiske sans, fordi foreldra hans er frå Pakistan. Humoren blir brukt som eit verktøy for å ta opp alvorlege tema, som til dømes rasisme, ulikskap og det å kjenne at ein ikkje høyrer til.

Relevans for lektoryrket

I mitt arbeid i den norske skulen hittil har eg opplevd at majoriteten av elevane har eit vanskeleg forhold til skjønnlitteratur. Dei ynskjer ikkje å lese, ser på det som utfordrande og/eller kjedeleg, og svært mange av dei er ikkje komfortable med det å sitje stille og lese i ei fysisk bok. Ei oppgåve som denne, der eg undersøker litteratur som er tilpassa ungdom, kan difor seiast å vere svært relevant for mi karriere som lektor.

Ei undersøking frå 2020 viser at skjønnlitteraturen elevane på 8.trinn møter hovudsakeleg består av korte tekstar og utdrag frå læreboka, om dei les lengre tekstar er dei sjølvvalde og blir lest i stillheit (Gabrielsen & Blikstad-Balas, 2020, s. 95). Litteraturen blir ikkje diskutert i fellesskap, og elevane går dermed glipp av moglegheit for djupare tolking, forståing og læring av teksten. I mi framtid som lærar ynskjer eg å bruke litteratur, som til dømes Gulraiz Sharif sin *HØR HER 'A!*, i klasserommet som grunnlag for diskusjon og utvikling av elevane sin norskkompetanse.

I LK20 står det at elevane skal kunne «utforske språkleg variasjon og mangfald i Noreg og reflektere over haldningar til ulike språk og talespråkvariantar» og kunne «utforske og reflektere over korleis tekstar framstiller livssituasjonen til unge» (Kunnskapsdepartementet, 2020) etter 10.klasse. Skjønnlitteratur kan bidra til å oppnå begge desse kompetansemåla. Den kan både gi elevane moglegheita til å kjenne seg igjen i karakterar og situasjonar, og til å lære om andre kulturar, menneskje og perspektiv. Å utvikle fiktive leseemåtar gjennom lesing av skjønnlitteratur kan gi elevane eit betre utgangspunkt for auka fantasi og kreativitet, fordi dei får trening i å sjå for seg fiktive historier og karakterar (Penne, 2013, s. 42). *HØR HER 'A!* kunne vore eit godt utgangspunkt for å jobbe med kompetansemåla nemnt over. Til dømes kunne ein, i klasserommet, ha diskutert språket i romanen, kva det seier oss om karakterane og stereotypiane det inneber. Å tilpasse innhaldet i denne masteroppgåva til å passe til klasserommet kunne vore særst interessant og lærerikt. Kanskje kunne ein ha hjulpet elevane til å reflektert over eigne fordommar og førehandsbestemde meiningar? Litteratur kan også fremje empati og skape rom for å prøve ut ukjende og kanskje elles skumle situasjonar (Lauritzen et al., 2021, s. 3).

Å analysere, arbeide med, og skrive om skjønnlitteratur slik som eg har gjort i denne oppgåva, har gjort meg betre rusta til å vere ein god norsklærer, både fagleg og i eit sosiokulturelt perspektiv. Det har gitt meg nye perspektiv på til dømes sosiale klasser, minoritetsspråklege elevar og ungdom med innvandrarbakgrunn.

Litteraturliste

Avmakt. (u.å.). I *NAOB - Den Norske Akademis Ordbok*. <https://naob.no/ordbok/avmakt>. (Lest: 12.09.23).

Bhabha, H. K. (1994). *The Location of Culture*. Routledge.

Birkeland, T. (2013, 20.05). *Kulturdepartementets priser for barne- og ungdomslitteratur utgitt i 2012*.

Birkeland, T. (2014, mars 6). *Juryens begrunnelser for bokåret 2013*.

Bokhandlerforeningen. (2021, 4.12). *Bokhandelens favoritter er klare*. Bokhandlerforeningen.

<https://bokhandlerforeningen.no/bokhandelens-favoritter-er-klare-her-er-arets-nominasjoner-til-bokhandlerprisen/>.

Boktips, & Cappelen Damm (Regissører). (3.11). *Gulraiz Sharif la ingenting imellom da han skrev «Hør her'a!»* [Video]. Youtube. <https://www.youtube.com/watch?v=wP0cBejjWBs>.

Brageprisen. (u.å.). *Brageprisen 2020*. Brageprisen. <https://brageprisen.no/brageprisen/brageprisen-2020/>. (Lest: 13.01.2023).

Bratt, C. (2022). Is it racism? The belief in cultural superiority across Europe. *European Societies*, 24(2), 207–228. <https://doi.org/10.1080/14616696.2022.2059098>.

Claudi, M. B. (2013). *Litteraturteori*. Fagbokforlaget.

Davies, C. (1996). *Ethnic Humor Around the World*. Indiana University Press.

Erik Erikson. (2020). I *Store norske leksikon*. https://snl.no/Erik_Erikson.

Erikson, E. H. (1993). *Childhood and Society*. W.W. Norton & Company.

Gabrielsen, I. L., & Blikstad-Balas, M. (2020). Hvilken litteratur møter elevene i norskfaget? *Edda*, 107(02), 85–99. <https://doi.org/10.18261/issn.1500-1989-2020-02-02>.

Gullestad, M. (2002a). Om å være «trygg å på sitt eget». I *Det norske sett med nye øyne. Kritisk analyse av norsk innvandringsdebatt* (s. 61–78). Universitetsforlaget.

Gullestad, M. (2002b). Rasisme uten ansikt. I *Det norske sett med nye øyne. Kritisk analyse av norsk innvandringsdebatt* (s. 142–173). Universitetsforlaget.

- Helland, F. (2015). Rasisme uten rasister i Norge. *Agora*, 32(3–4), 108–143.
<https://doi.org/10.18261/ISSN1500-1571-2014-03-04-05>.
- Hsu, E. (2016). Humour as a Mode of Cognition. I L. D. Sciama (Red.), *Humour, Comedy and Laughter* (Bd. 8, s. 58–75). Berghahn.
- Hulsizer, D., Murphy, M., Noam, G., & Taylor, C. (1981). On Generativity and Identity: From a Conversation with Erik and Joan Erikson. *Harvard Educational Review*, 51(2), 249–270.
<https://doi.org/10.17763/haer.51.2.g211757u27732p67>.
- Hør her'a!* (u.å.a). Filmweb.no. <https://www.filmweb.no/film/ART20220555#12.10.2023>. (Lest: 25.10.23).
- Hør her'a!* (u.å.b). Cappelen Damm. https://cappelendamm.no/_hor-hera-gulraiz-sharif-9788202648121. (Lest: 04.03.23).
- Hør her'a!* (u.å.c). Uprisen. <https://uprisen.no/tekst/hor-hera/>. (Lest: 04.03.23).
- Indrebø Ims, I. (2013). Språklig registerdanning og verditilskrivning: Betegnelser på nye måter å snakke norsk på i Oslo. *NOA - norsk som andrespråk.*, 29(2), 37–71.
- Johansen, M. G. (2020). *Hva er humor*. Universitetsforlaget.
- Kolberg, A. (2021, 10.05). *Juryleders tale 2020*. Norsk barnebokinstitutt.
<https://barnebokinstituttet.no/kulturdepartementets-priser/juryleders-tale-2020/>.
- Kolberg, A., & Eek, B. (2021, 10.05). *Fakta, kjønn og klima – her er vinnerne av KUD-prisene 2020*. Norsk barnebokinstitutt. <https://barnebokinstituttet.no/kulturdepartementets-priser/vinnere-2020/>.
- Kongehuset (Regissør). (2021, 28.05). *Kronprinsessen snakker om «Hør her'a» med Gulraiz Sharif*. [Video]. Youtube. https://www.youtube.com/watch?v=4Ry5MwxS_ro
- Kränge, O., & Øia, T. (2013). *Den nye moderniteten: Ungdom, individualisering, identitet og mening*. Cappelen Damm Akademisk.
- Kunnskapsdepartementet. (2020). *Læreplan i norsk (NOR01-06)*. Fastsatt som forskrift.
<https://www.udir.no/lk20/nor01-06/kompetansemaal-og-vurdering/kv111?lang=nno>.

- Kvittingen, I. (2018, 24.02). *Hva er kebabnorsk i dag?* Forskning.no. <https://forskning.no/barn-og-ungdom-kultur-sprak/hva-er-kebabnorsk-i-dag/286860>.
- Lauritzen, L.-M., Antonsen, Y., & Nesby, L. (2021). «Jeg er så veldig redd for hvordan jeg påvirker elevene.» Utfordringer og muligheter i undervisningen av folkehelse og livsmestring i norskfaget. *Acta Didactica Norden*, 15(1), 1–19. <https://doi.org/10.5617/adno.7848>.
- Lerner, R. M., & Steinberg, L. D. (2004). THE SCIENTIFIC STUDY OF ADOLESCENT DEVELOPMENT: Past, Present, and Future. I R. M. Lerner & L. D. Steinberg (Red.), *Handbook of adolescent psychology* (2. utg., s. 1–12). John Wiley & Sons Inc.
- Lø. (u.å.). I *Det Norske Akademis Ordbok*. https://naob.no/ordbok/l%C3%B8_1.
- Mallan, K. (1993). *Laugh Lines*. Primary English Teaching Association.
- Marcia, J. E. (1980). Identity in Adolescence. I J. Adelson (Red.), *Handbook of Adolescent Psychology* (s. 159–187). John Wiley & Sons Inc.
- Meld. St. (2018-2019). *Muligheter for alle. Fordeling og sosial bærekraft*. Det Kongelige Finansdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-13-20182019/id2630508/>.
- Moe, M. (2012, 05.05). *Kulturdepartementets priser til barne- og ungdomslitteratur 2011*.
- Mæhlum, B. (2011). Det “ureine” språket Forsøk på en kultursemiotisk og vitenskapsteoretisk analyse. *Maal og minne*, 1, 1–31.
- Oxfeldt, E. (2010). Postkolonialisme og fortellinger om kulturell tilhørighet. I S. V. Knudsen & B. Aamotsbakken (Red.), *Teoretiske tilnærminger til pedagogiske tekster* (s. 196–216). Høyskoleforlaget.
- Penne, S. (2013). Skjønnlitteraturen i skolen i et literacy-perspektiv. I D. Skjelbred & A. Veum (Red.), *Literacy i læringskontekster* (s. s. 43-54). Cappelen Damm.
- Ruud, M. (2020, 26.11). *Lærer Gulraiz Sharif: Håper boka blir snakket om i klasserom i hele Norge*. Utdanningsnytt. <https://www.utdanningsnytt.no/gulraiz-sharif-hor-hera/laerer-gulraiz-sharifhaper-boka-blir-snakket-om-i-klasserom-i-hele-norge/263062>.

- Ruyter, Y. (2021, 1.12). Hvorfor er det ikke akseptert å si «walla» på Dagsrevyen når dialekter er lov? *Aftenposten*. <https://www.aftenposten.no/meninger/debatt/i/bGjP2l/hvorfor-er-det-ikke-akseptert-aa-si-walla-paa-dagsrevyen-naar-dialekter-er-lov>.
- Sciama, L. D. (2016). Introduction. I L. D. Sciama (Red.), *Humour, Comedy and Laughter* (Bd. 8, s. 1–26). Berghahn.
- Sharif, G. (2021). *Hør her'a!* (1. utg.). Cappelen Damm.
- Skækk. (u.å.). Det Norske Akademis Ordbok. <https://naob.no/ordbok/sk%C3%A6kk>. (lest: 01.11.23).
- Slettan, S. (2018). Introduksjon. Om ungdomslitteratur. I S. Slettan (Red.), *Ungdomslitteratur—Ei innføring*. (s. 9–28). Cappelen Damm Akademisk.
- Solvang, F. (Regissør). (2022, 8.02). Nekter å vere norsk: Bør flerkulturelle i Norge kalle seg norske? [TV-sending]. I *Debatten*. NRK.
<https://tv.nrk.no/serie/debatten/202202/NNFA51020822/avspiller>.
- Steenberg, N. (2020, 22.09). Høstens tærtteste bok. *BOK365.no*. <https://bok365.no/artikkel/hostens-taerteste-bok/>
- Steinkellner, A. (2022, 07.03). *Innvandrere og barna deres teller nå over en million*. Statistisk Sentralbyrå. <https://www.ssb.no/befolkning/innvandrere/statistikk/innvandrere-og-norskfodte-med-innvandrerforeldre/artikler/innvandrere-og-barna-deres-teller-na-over-en-million>.
- Straume, A. C. (2020, november 3). «Sjarmerer leserne i senk». NRK.
https://www.nrk.no/kultur/anmeldelse_-_hor-her_a__-av-gulraiz-sharif-1.15143460.
- Støren, B. (2016, november 3). *Etter de harde 30-årene ble det lettere å klatre på rangstigen i Norge*. *Forskning.no*. <https://forskning.no/partner-sosiologi-norges-handelshoyskole/etter-de-harde-30-arene-ble-det-lettere-a-klatre-pa-rangstigen-i-norge/386547>.
- Støyva, A. B. (2023, mars 7). *Fire av ti muslimer har følt at de ikke hører til i det norske samfunnet, ifølge rapport*. *Aftenposten*. <https://www.aftenposten.no/kultur/i/0QW5Jo/fire-av-ti-muslimer-har-foelt-at-de-ikke-hoerer-til-i-det-norske-samfunnet-ifoelge-rapport>.

- Sunder, R. (2021, november 29). Legg bort kebabnorsken! *Aftenposten*.
<https://www.aftenposten.no/meninger/debatt/i/V9aB1p/legg-bort-kebabnorsken>.
- Svendsen, B. A. (2010). Linguistic Practices in Multilingual Urban Contexts in Norway: An Overview. I P. Quist & B. A. Svendsen (Red.), *Multilingual Urban Scandinavia. New Lingual Practices*. (s. 12–16). Multilingual Matters.
- Svendsen, B. A. (2014). Kebabnorskdebatten. En språkideologisk forhandling om sosial identitet. *Tidsskrift for Ungdomsforskning*, 14(1), 33–62.
- Svendsen, B. A. (2013, desember 8). *Kebabnorsk og retten til det norske*. NRK.
<https://www.nrk.no/ytring/kebabnorsk-og-retten-til-det-norske-1.11401618>
- Thacker, A. (2017). Critical Literary Geography. I R. Tally Jr. (Red.), *The Routledge Handbook of Literature and Space* (s. 28–38). Routledge.
- Thompson, C. (2011). *Travel writing*. Routledge.
- Thunes Jensen, M. (2018). Komplekse ungdomsromaner. I S. Slettan (Red.), *Ungdomslitteratur—Ei innføring*. (s. 85–98). Cappelen Damm Akademisk.
- Totland, J. (2020, september 11). *Bokmelding: Hør her´a! – Ein spanande debut om tabu*. Framtida.
<https://framtida.no/2020/09/07/bokmelding-ihor-hera/i-ein-spanande-debut-om-tabu>.
- UNICEF. (2022). *U-REPORT NORGE: Hva mener barn og unge om rasisme?* UNICEF.
<https://www.unicef.no/sites/default/files/inline-images/daCZWFxQ9vRhloYsE4Z7E1oglr9cybeHeLpo1sQXNXo2SnFJlq.pdf>.
- Universitetet i Oslo*. (u.å.). <https://www.uio.no/index.html>.
- Uprisen. (u.å.). *Uprisen 2021*. Uprisen. <https://uprisen.no/uprisen-2021/>. (Lest: 23.10.22).
- Vestmo, B. (2023, september 18). *Hør her´a!* NRK P3. <https://p3.no/filmpolitiet/2023/08/hor-hera/>.
- Vold, T. (2019). *Å lese verden. Fra imperieblikk og postkolonialisme til verdenslitteratur og økokritikk*. Universitetsforlaget.
- Årets kortliste. (u.å.). *Bokbloggerprisen*. <https://norskebokbloggere.wordpress.com/arets-kortliste/>. (Lest: 23.10.22).

Aarsæther, F. (2010). The Use of Multilingual Youth Language in Oslo. I P. Quist & B. A. Svendsen (Red.), *Multilingual Urban Scandinavia. New Lingual Practices*. (s. 111–126). Multilingual Matters.

